



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Festsalen, Florø kulturhus
Dato: 16.12.2025
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Ørjan Kvalheim	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Mats Brunsvik	UAH
Morten Andreas Hagen	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP	Karianne Torvanger	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Dagrun Almenning	Kinn H	Morten Mortensen	Kinn H
Kvalheim			
Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V
Håkon Skram Heggen	UAH	Siri Sunde	Kinn H

Andre som møte:

Andreas Rønhovde Koopman, ungdomsrepresentant
Anna Barlund Stensvoll, ungdomsordfører
Kjell Heggen, leiar kontrollutvalet

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Anita Eikevik	143/25		forvaltningslova § 6 e

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Jakob Nødseth	127/25, 128/25	Malvin Horne	Kommunelova § 11.11

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Linda Nipen, kommunalsjef
Norunn Stavø, kommunalsjef
Runa Nybakk, kommunalsjef
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Ingunn Frislid Solhem, rådgjevar
Elin Sørbotten, rådgjevar
Mari Halsør, spesialkonsulent
Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Ymse:

Habilitetsvurdering i sak 143/25.
Vara i sak 127/25 og 128/25.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

120/25 - 135/25, 141/25, 142/25, 144/25, 148/25, 143/25, 136/25.

Følgjande saker vert utsett grunna tid:

137/25-140/25, 145/25, 146/25

Kulturelt innslag v/Margareth Grane Grov - piano

Utdeling av arbeidsmiljøprisen 2025 til:

Katrine Holvik Skinlo, tenesteleiar helse

Gjermund Veka, tenesteleiar bustad

Måløy, 14.01.2026

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
120/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
121/25	Spørsmål
122/25	Godkjenning av møteprotokoll
123/25	Orienteringar
124/25	Refererte skriv og meldingar
125/25	Florølandetgrensa - innbyggjarinitiativ
126/25	Møteplan 2026
127/25	Undersøking Bordgleder KF - rapport frå Vestland Revisjon KO
128/25	Forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF
129/25	Tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 - Kinn kommune
130/25	Florø hamn Kinn Kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029
131/25	Revidert investeringsbudsjett 2025 Florø hamn Kinn kommune KF
132/25	Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029
133/25	Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029
134/25	Bordgleder Kinn kommune KF - Driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029 - justert framlegg
135/25	Kinn kommune - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029
136/25	Tilskot politiske parti 2025
137/25	Val av representantar til styret i Havhesten KF
138/25	Val av representantar til styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF
139/25	Søknad om fritak frå Kinn eldreråd / suppleringsval - Asbjørn Våge
140/25	Suppleringsval plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt
141/25	Høyringsvar - Best mogleg transportsystem langs kysten
142/25	Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap, ny versjon
143/25	Parkeringsordning Florø - avgift på fossilfrie biler sone 3
144/25	Ny forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune
145/25	Orientering. Status oppfølging, Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor.
146/25	Orientering - eigedomsskatt
147/25	Interpellasjonar
148/25	Vedtak om deltaking i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv



Saksnr.	Utval	Møtedato
120/25	Kommunestyret	16.12.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 120/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent med følgjande endringar:
Det vert innført taletid på 3 min. pr innlegg i dette møtet, bortsett frå i budsjettsaka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Godkjenning av innkalling:

Raudt v/ repr. Brandsøy meiner det er negativt at tilleggsinnkallingar blir produsert etter ordinær innkalling er sendt ut.

Godkjenning av sakliste:

SV v/repr. Olafsson stiller spørsmål ved kvifor det er så lang sakliste, etter eitt kort og eitt avlyst kommunestyremøte.

FrP v/repr. Djuvik kommenterer at det er lang sakliste og foreslår taletid på 3 min. pr innlegg, 2 replikkar pr sak.

Raudt v/repr. Henriksson foreslår taletid på 3 min. pr innlegg, men ikkje begrensning i antal replikkar pr sak. Og ikkje gjeldande i budsjettsaka.

AP v/repr. Teigen kommenterer at ordførar er engasjert saka om hudpoliklinikken i Florø, noko som er positivt. Innsparingar som Helse Førde har opp mot dei 50 personane som brukar hudpoliklinikken, bør det kunne settast opp eit reknestykke på, den samfunnsøkonomiske kostnaden.

Røysting:


Framlegg om 3 min. taletid pr innlegg i alle saker bortsett frå budsjettsaka, vedteke mot 7 røyster frå AP v/Christensen, Teigen, Gravdal, Ness, Sunnarvik, Kvalheim og Torvanger.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent med kommentarane som er gjeve.

KOST- 120/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent med følgjande endringar:

Det vert innført taletid på 3 min. pr innlegg i dette møtet, bortsett frå i budsjettsaka.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/65014
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 09.12.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/25	Kommunestyret	16.12.2025


Spørsmål

KOST- 121/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Ingen spørsmål.

KOST- 121/25 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
122/25	Kommunestyret	16.12.2025

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 122/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

SV v/repr. Solbakken meiner at protokollen manglar repr. Eliasson og repr. Midtbø i oppmøtte medlemmar.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 122/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 23.10.2025



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/65015
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 09.12.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
123/25	Kommunestyret	16.12.2025

Orienteringar

KOST- 123/25 Vedtak:

Ingen orienteringar, ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Ingen orienteringar.

KOST- 123/25 Vedtak:

Ingen orienteringar, ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
124/25	Kommunestyret	16.12.2025

Refererte skriv og meldingar

KOST- 124/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Delegering av fritakssaker blir utgreid på nytt. Sak om eventuell delegering av fritakssaker blir tatt opp i kommunestyret våren 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

RS040/25 forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Delegering av fritakssaker blir utgreid på nytt. Sak om eventuell delegering av fritakssaker blir tatt opp i kommunestyret våren 2026.

RS027/25

Raudt v/repr. Oldeide etterlyser informasjon om ein sak frå referatet til kontrollutvalet. FrP v/repr. Djuvik ønskjer opplæring/informasjon om korleis ulike typar varslingsaker vert behandla i kommunen.

Kontrollutvalet v/leiar Heggen informerte kort om at kontrollutvalet ikkje er riktig instans for varslingsaker. I saker med ukjent avsender, vert det vidaresendt til kommunedirektør. I saker med kjent avsendar, vert det returnert til avsendar med informasjon om riktig varslingsinstans.

RS040/25

Venstre v/repr. Nødseth kritiserer notatet og bemerker at det er feil informasjon i notatet.

Raudt v/repr. Henriksson og AP v/repr. Teigen ønskjer ei sak på dette på nyåret.

RS041/25

Ap v/repr. Christensen ønskjer ei sak om habilitet når det gjeld kommunale AS og IKS.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.
Framlegg frå Raudt i RS040/25 samrøystes vedteke.

KOST- 124/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Delegering av fritakssaker blir utgreid på nytt. Sak om eventuell delegering av fritakssaker blir tatt opp i kommunestyret våren 2026.

Underliggende sak:

026/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 13.10.2025

027/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 03.12.2025

028/25, Møtebok - representantskapsmøte i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap 14.11.2025

029/25, Melding om vedtak: Budsjett for kontrollarbeidet 2026

030/25, Møtebok styremøte Vestland Revisjon KO 28.10.2025

031/25, Revisjonshonorar for 2026 - Vestland Revisjon

032/25, Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Statsforvaltaren

033/25, Utbetalinger fra Havbruksfondet i 2025

034/25, Inntekt frå Havbruksfondet 2025 og mogleg konsekvens for økonomiplan 2026-2029

035/25, Skjønsmidler 2025 - fordeling av resten av ramma for Vestland

036/25, Statsbudsjettet for 2026 - kommuneopplegget

037/25, Vedtak etter krav om lovlegkontroll som gjeld nedlegging av Stavang skule


038/25, Notat vedrørende GOD START

039/25, Budsjettforlik

040/25, Delegering av fritakssaker - fritak frå politiske verv

041/25, Habilitet KF styreleder og styrerepresentanter

042/25, Notat Bordgleder Kinn Kommune KF - Deloitte



Kinn kommune

Arkiv: FE-028
JournalpostID: 25/64714
Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund
Dato: 08.12.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
125/25	Kommunestyret	16.12.2025

Florølandetgrensa - innbyggjarinitiativ

KOST- 125/25 Vedtak:

Innbyggjarinitiativ frå Florø bulystforeining blir å vurdere som eit innspel i slutføringa av kommuneplanen sin arealdel, og reguleringsplanen for Måsholmen/Håskjæra.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ei sak om naturpolitisk dokument for heile kommunen. Første sak skal komme til plan- og miljøutvalet på nyåret som gir dokumentet rammer for innhald og kjem med forslag til det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innbyggjarinitiativ frå Florø bulystforeining blir å vurdere som eit innspel i slutføringa av kommuneplanen sin arealdel, og reguleringsplanen for Måsholmen/Håskjæra.

Bakgrunn for saka:

I brev av 09.10.25 leverte Florø bulystforeining eit innbyggjarinitiativ til Ordførar i Kinn kommunen. Dei ber konkret om at det blir innført ei Florølandetgrensa for kommuneplanperioden 2025 – 2036.


§ 12-1. Innbyggerforslag

Innbyggerne i kommunen eller fylkeskommunen kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunenes virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget hvis minst to prosent av innbyggerne står bak det. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om det aktuelle forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

Når det i lova heite ...kommunestyret sjølv....betyr det at saka må handsamast av kommunestyret. Vidare krev lova at saka må handsamast minst 6 mnd. etter at initiativet er fremja. Fristen gjeld ikkje viss initiativet blir henvist til ei pågåande plansak etter plan- og bygningslova. Dette er tilfelle for dette initiativet, da det er heilt naturleg å vise til pågåande arbeid med arealdelen.

Saksopplysningar:

Det blir konkret bedt om at det blir innført ei Florølandetgrense for kommuneplanperioden 2025 – 2036. Kartet nedanfor vise kor initiativet meiner grensa



Initiativet har 455 underskrifter. Det betyr at initiativet er rettmessig innkomme til kommunen. For anna innhald i initiativ visast det til vedlagt innbyggjarinitiativ.

Vurderingar:

Som kjent er det over fleire år vore arbeid med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Dette er eit planarbeid som har vore organisert med fleire innbyggjarmøte, innbyggjarundersøkingar og to formelle høyringar. Med andre ord, det har vore ein omfattande prosess kor innbyggjarane har fått delta, og seie frå om kva dei meine om framtidig arealbruk i Kinn kommune. Initiativet har også konsekvensar for reguleringsplan for Måsholmen -Håskjæra. Difor blir det tilsvarende forhold her. Florø bulystforeining har i samband med desse planane gjeve høyringauttale til planane, med relativt likt innhald, som kjem fram av innbyggjarinitiativet. Det betyr at kommunen tidlegare i realiteten har vurdert innhaldet i initiativet, ved Plan og miljøutvalet si handsaming av utlegging av kommuneplanen sin arealdel på høyring og ved kommunestyret si handsaming av reguleringsplan for Måsholmen / Håskjæra.

Kommunedirektøren meiner den beste måten å handtere dette innbyggjarinitiativet på, er å vise til den pågåande handsaminga av kommuneplanen sin arealdel og kommande slutthandsaming av reguleringsplan for Måsholmen / Håskjæra. Forslaget er omfattande og vil ha store konsekvensar for framtidig utvikling av Florølandet. I kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdelen og i reguleringsplanar blir konsekvensar av planane vurdert eit eit vesentleg breiare perspektiv enn i den argumentasjonen som kjem fram av innbyggjarinitiativet. Nettopp på grunn av dei store konsekvensane initiativet vil ha, vil det difor vere riktig å vurdere i samband med ordinært planarbeid etter plan og bygningslova.

Dersom kommunestyret vil følgje opp og gjennomføre, heile eller delar av innhaldet i initiativet bør kommunestyret gjere eit vedtak, i denne saka, som seier noko om korleis innhaldet i initiativet skal vere førande for slutføringa av arealdelen. Det same gjeld for slutthandsaming av reguleringsplan for Måsholmen / Håskjæra. Grunnen til dette er at ei «markagrense» ikkje har noko lovheimel i vår kommunen. Det har derimot arealplanar etter plan,- og bygningslova. Det betyr at dersom ei «markagrense» skal ha ei reel verknad, nå den innarbeidast i konkret arealbruk i planar etter plan og bygningslova. Dersom kommunestyret vedtek at initiativet skal vere styrande for slutthandsaming av arealdelen, er det usikkert kva for konsekvensar det vil gje for prosessen med arealdelen. Om det t.d. må gjennomførast ei ny høring må det evt. bli å kome tilbake til.

Kommunestyret kan også i si handsaming av innbyggjarinitiativet, vedta og avvise initiativet.

Oppsummering

Kommunedirektøren vil gje eit tydeleg råd om at det ikkje bør gjerast vedtak i denne saka som blir direkte styrande for pågåande planarbeid etter plan og bygningslova. I desse planarbeida er det gjennomført ei langt meir omfattande vurdering av konsekvensar for arealbruk, enn det som kjem fram av innbyggjarinitiativet. Mellom anna konsekvensar for nasjonale forventningar til klimautslepp, basert på Parisavtalen. I initiativet er det bere naturavtalen som er nemnd. Og ikkje minst så må konsekvensar for lokalt og regionalt næringsliv vurderast. Dette er noko som er vurdert i ein større heilskap i samfunnsdelen, med konkret oppfølging i arealdelen. Initiativet har eit viktig innhald, som bør få si reelle vurdering. Det bør difor ikkje avvistast, men som sagt, få ei vurdering i samband med pågåande planarbeid i det aktuelle området.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje direkte for kommunen, men det kan ha store samfunnsmessige økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova

Plan og bygningslova.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Raudt, foreslått av Hege Chatrine Brandsøy, Kinn Raudt

Kinn kommunestyre viser til sitt vedtak i sak 085/25 pkt. 1: Kinn kommune skal bruke potensialet som finnes til å koordinere arbeid med frivillighet, egne tjenester og andre aktører bedre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer og lager strukturer for samarbeid og samskapning med frivillig sektor og andre aktører. Med utgangspunkt i dette ber vi kommunestyret at administrasjonen starter arbeidet sammen med initiativtakerne slik at det blir utarbeid et naturpolitisk dokument snarest.

Naturpolitisk dokument, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ei sak om naturpolitisk dokument for heile kommunen. Første sak skal komme til plan- og miljøutvalet på nyåret som gir dokumentet rammer for innhald og kjem med forslag til det vidare arbeidet.

Alternativ til Arbeiderpartiet sinn framlegg fra Kinn SV, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn Senterparti Uavhengig Kinn Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ei sak om naturpolitisk dokument for heile kommunen. Saken skal utarbeides i samarbeid med innbyggerinitiativet og eventuelle andre aktører i frivilligheten. Første sak skal komme til plan- og miljøutvalet på nyåret som gir dokumentet rammer for innhald og kjem med forslag til det vidare arbeidet.

Presentasjon naturpolitisk dokument frå Jon Anders Stavang.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Brandsøy falt med 4 røyster frå Raudt.

Framlegg frå SV v/repr. Olafsson falt med 7 røyster (2 SV, 4 R, 1 KrF v/Vig)

Framlegg frå Ap v/repr. Teigen vedteke med 20 røyster (8 AP, 2 KrF, 4 R, 3 V, 2 UAH, 1 SP v/Halsne).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 125/25 Vedtak:

Innbyggjarinitiativ frå Florø bulystforeining blir å vurdere som eit innspel i slutføringa av kommuneplanen sin arealdel, og reguleringsplanen for Måsholmen/Håskjæra.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ei sak om naturpolitisk dokument for heile kommunen. Første sak skal komme til plan- og miljøutvalet på nyåret som gir

dokumentet rammer for innhald og kjem med forslag til det vidare arbeidet.


Vedlegg i saken:

Følgjeskriv

Oversending av innbyggjarinitiativ "Florølandetgrensa" frå Florø Bulystforeining til Kinn kommunestyre

Alle Underskrifter Innbyggjarinitiativet - Florelandetgrensa 06.04.2025

Brev til Kinn kommunestyre frå Florø Bulystforeining om vidare handsaming av innbyggjarinitiativet om innføring av Florølandetgrensa



Saksnr.	Utval	Møtedato
132/25	Formannskapet	27.11.2025
126/25	Kommunestyret	16.12.2025

Møteplan 2026

KOST- 126/25 Vedtak:

Møteplan for 2026 vert vedteke med følgjande endringar:
Kommunestyret 12. mai vert flytta til 19. mai.
Kommunestyret 3. mars vert flytta til 5. mars.
Kommunestyret 11. juni vert flytta til 10. juni.
Kommunestyremøtet den 9. april vert i Måløy.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Møteplan for 2026 vert vedteke med følgjande endringar:
Kommunestyret 12. mai vert flytta til 19. mai.
Kommunestyret 3. mars vert flytta til 5. mars.
Kommunestyret 11. juni vert flytta til 10. juni.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteplan for 2026 vert vedteke slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Sak om politisk møteplan for Kinn kommune 2026 vert lagt fram for handsaming i formannskapet og kommunestyret.

Saksopplysningar:

Formannskapet fatta i F-sak 012/19 følgjande vedtak:

2. Prinsipp for oppsett av politisk møteplan for Kinn kommune:

- Kommunestyremøta vert gjennomført på dagtid. og det skal vere minimum 6 møte i året, og ev. fleire etter behov.
- Formannskapet skal ha månadlege møter, med unntak av juli og august. 4 av desse skal vere arbeidsmøter der politikk og administrasjon tek opp og diskuterer aktuelle saker. Møta gjennomførast på dagtid. Budsjettarbeid kan auke frekvensen.
- Hovudutvala i Kinn skal ha 5 - 9 møter i året. Dette kan variere frå utval til

- utval. Møta gjennomførast på dagtid.
- d. Det skal vere formannskapsmøte minst 7 dagar før kommunestyremøte.
 - e. Det skal vere hovudutvalsmøte minst 7 dagar før formannskapsmøte.
 - f. HUL-møter, utvalsleiarmøter med administrasjonen, skal haldast 2 veker før hovudutvalsmøter.
 - g. Formannskapet skal vere på torsdagar.
 - h. Kommunestyret og hovudutvala skal vere på tysdagar.
 - i. Hovudutvala fastset temadagar sjølv.

Møteplan for 2026 følgjer desse prinsippa med nokre unntak:

- Kommunestyremøta er forsøkt lagt til tysdagar, men grunna kollisjon med møter i fylkeskommunen og KS, samt nok tid etter formannskapsmøta, vert det føreslått kommunestyremøter på tysdagar og torsdagar.
- Formannskapsmøta er forsøkt lagt til torsdagar, men grunna kollisjon med møter i fylkeskommunen og KS, samt nok tid før kommunestyremøta, vert det føreslått formannskapsmøter på tysdagar og torsdagar.
- Nokon møter har kortare tidsrom frå utval til formannskap og formannskap til kommunestyre, enn vedteke i punkt d og e, grunna kollisjon med skuleferiar og møter i fylkeskommunen og KS. Dette gjeld mars, juni og oktober.

Det er teke høgde for fylkeskommunale møter og andre møter så langt det lar seg gjere. Alle møtedatoar i KS er framleis ikkje klare.

Det er lagt til rette for at ein skal kunne rapportere til politisk nivå pr. tertial. Vidare er det teke høgde for handsaming av økonomiplan og handlingsplan.

Tidspunkt for gjennomføring av politiske møter i hovudutval, formannskap og kommunestyre i Florø og i Måløy:

Utval	Florø	Måløy	Digitalt	Merknad
Formannskap	09.00 – 15.30	08.15 – 15.30	09.00 – 15.30	Kan forlengast utover kl. 15.30
Kommunestyre	09.00 – 15.30	08.15 – 15.30		Kan forlengast utover kl. 15.30
Hovudutval	09.00 – 15.30	08.15 – 15.30	09.00 – 15.30	Digitale møter som hovudregel

Hovudutvalsmøta skal som hovudregel gjennomførast som digitale møter. Dersom hovudutval skal gjennomførast som fysiske møter, skal dette avklarast med ordførar på førehand.

Framlegg til møteplan er drøfta med leiargruppa, ordførar og varaordførar. Det er ønskje frå ordførar om at formannskapsmøta gjennomførast som fysiske møter.

Det er planlagd to kommunekonferansar i 2026, i april og oktober, som vert gjennomført i samband med kommunestyremøta.

Vurderingar:

Slik som møteplanen no er lagt, får ein ei relativ jevn periode med politisk arbeid i Kinn gjennom året. Dette vil gjere det føreseieleg både for politisk nivå, innbyggjarar og administrasjonen, noko som igjen er viktig for kommunen si evne til å arbeide effektivt, både i høve til minst mogleg ressursbruk og til produksjon av saker og oppfølging av vedtak.

Ein bør unngå politiske hovudutvalsmøter som ikkje inneheld politiske vedtakssaker.

Hovudutvalsleiar møtet (HUL) blir viktig i forkant av kvar periode. På desse møta får ordførar ei god oversikt over sakene, og kan saman med utvalsleiarane og kommunedirektør bli samde om korleis sakene skal handsamast i det politiske systemet. Slik som møteplanen er lagt vil kvart HUL-møte kunne sjå på kommande saker til både utvala, formannskapet og kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyremøtet den 9. april vert i Måløy
Formannskapsmøtet den 22. januar vert i Måløy

Justering av framlegget frå formannskapet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti
Kommunestyret 3. mars vert ikkje flytta

Venstre v/repr. Nødseth ønskjer ei plan over kva politiske saker som er venta å bli behandla i 2026. Ber om dette til neste møte.

Røysting:

Repr. Djuvik (FrP) trekkjer sitt framlegg.
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson vert røysta over punktvis.
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson til punkt 1 om flytting av kommunestyret 9.april vedteke med 22 røyster (9 FrP, 2 UAH, 4 R, 5 AP v/Christensen, Gravdal, Kvalheim, Nygård og Torvanger, 2 V v/Iversen, Eliasson).
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson til punkt 2 om flytting av formannskapsmøte 22. januar falt med 4 røyster frå Raudt.
Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 126/25 Vedtak:

Møteplan for 2026 vert vedteke med følgjande endringar:
Kommunestyret 12. mai vert flytta til 19. mai.
Kommunestyret 3. mars vert flytta til 5. mars.
Kommunestyret 11. juni vert flytta til 10. juni.
Kommunestyremøtet den 9. april vert i Måløy.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Flytting av datoar for kommunestyret på grunn av kollisjonar med for eksempel formannskapskonferanse og hovudutvalsmøter i fylkeskommunen, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Kommunestyret 12. mai vert flytta til 19. mai.
Kommunestyret 3. mars vert flytta til 5. mars.
Kommunestyret 11. juni vert flytta til 10. juni.

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyremøtet den 9. april vert i Måløy

Formannskapsmøtet den 22. januar vert i Måløy

Ordførar informerar om at han ønskjer at alle formannskapsmøta i 2026 er fysiske møter, og at det blir reist litt rundt i den forbindelse.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson falt med 5 røyster (1 Raudt v/Henriksson, 2 AP v/Ødegård Standal og Christensen, 2 UAH v/Brunsvik og Berg).

Framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth samrøystes vedteke.

FORM- 132/25 Vedtak:

Møteplan for 2026 vert vedteke med følgjande endringar:


Kommunestyret 12. mai vert flytta til 19. mai.

Kommunestyret 3. mars vert flytta til 5. mars.

Kommunestyret 11. juni vert flytta til 10. juni.

Vedlegg i saken:

Utkast Møteplan 2026 (3)



Saksnr.	Utval	Møtedato
127/25	Kommunestyret	16.12.2025

Undersøking Bordgleder KF - rapport frå Vestland Revisjon KO

KOST- 127/25 Vedtak:

1. Kommunestyret er gjort kjend med Vestland Revisjon KO si undersøking av Bordgleder Kinn kommune KF, datert 26.11.2025.
2. Kommunestyret ber leiinga i det kommunale føretaket om å sikre at det er etablert tydelege og dokumenterbare rutinar for
 - a. separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket,
 - b. korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnadar mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet,
 - c. juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg offentleg etter EØS-reglane.
 - d. Dokumenterbare rutine skal vere på plass innan 01.01.2026.
3. Frist for rapport tilbake til kontrollutvalet om kva tiltak som er gjennomført eller planlagt for å følge opp desse punkta: 15.01.2026.

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret er gjort kjend med Vestland Revisjon KO si undersøking av Bordgleder Kinn kommune KF, datert 26.11.2025.
2. Kommunestyret ber leiinga i det kommunale føretaket om å sikre at det er etablert tydelege og dokumenterbare rutinar for
 - a. separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket,
 - b. korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnadar mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet,
 - c. juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg offentleg etter EØS-reglane.
 - d. Dokumenterbare rutine skal vere på plass innan 01.01.2026.
3. Frist for rapport tilbake til kontrollutvalet om kva tiltak som er gjennomført eller planlagt for å følge opp desse punkta: 15.01.2026.

1.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har sendt over vedtak frå møte 03.12.2025, der dei ber Kinn kommunestyre behandle sak om undersøking Bordgleder KF – rapport frå Vestland Revisjon KO.

Saksopplysninger:

Kinn kontrollutval har i møte 03.12.2025, i sak 54/25 behandla saka «Undersøking Bordgleder KF – rapport frå Vestland Revisjon KO», og vedteke å sende saka over til kommunestyret med følgjande tilråding:

1. Kommunestyret er gjort kjend med Vestland Revisjon KO si undersøking av Bordgleder Kinn kommune KF, datert 26.11.2025.
2. Kommunestyret ber leiinga i det kommunale føretaket om å sikre at det er etablert tydelege og dokumenterbare rutinar for
 - a. separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket,
 - b. korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnadar mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet,
 - c. juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg offentleg etter EØS-reglane.
 - d. Dokumenterbare rutine skal vere på plass innan 01.01.2026.
3. Frist for rapport tilbake til kontrollutvalet om kva tiltak som er gjennomført eller planlagt for å følge opp desse punkta: 15.01.2026.

Vurderingar:

Saka frå Kinn kontrollutval med alle dokument følgjer som vedlegg.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Repr. Nødseth (V) ber om å få fritak i sakene 127/25 og 128/25 etter kommunelova § 11.11, med grunngjeving i at det er personleg belastande.

Kommunedirektøren har vurdert søknaden etter § 11.11, men det er opp til kommunestyret å avgjere dette. Viser ellers til notat vedrørende habilitet.

Kommunestyret røyster over dette som ein fritakssøknad.

Fritakssøknad frå Nødseth (V) vedteke 22 mot 16 røyster (9 FrP, 2 UAH, 4 R, 1 SP v/Midtbø).

Varamedlem Malvin Horne tiltrer i sakene 127/25 og 128/25.

Representantane Midtbø (SP) og Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert, då dei er varamedlemmar i styret i Bordgleder.

Ordførar foreslår at begge er habile, og kommunestyret vedtek samrøystes begge som habile.

Røysting:

Innstilling frå kontrollutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 127/25 Vedtak:

1. Kommunestyret er gjort kjend med Vestland Revisjon KO si undersøking av Bordgleder Kinn kommune KF, datert 26.11.2025.
2. Kommunestyret ber leiinga i det kommunale føretaket om å sikre at det er etablert tydelege og dokumenterbare rutinar for
 - a. separat rekneskapsføring for konkurranseutsett verksemd i føretaket,
 - b. korrekt og etterprøvbar fordeling av kostnadar mellom kommunal tenesteproduksjon og konkurranseutsett aktivitet,
 - c. juridisk vurdering og dokumentasjon av eventuelle fordelar (støtte) som kan utgjere ulovleg offentleg etter EØS-reglane.
 - d. Dokumenterbare rutine skal vere på plass innan 01.01.2026.
3. Frist for rapport tilbake til kontrollutvalet om kva tiltak som er gjennomført eller

planlagt for å følge opp disse punkta: 15.01.2026.


Vedlegg i saken:

For handsaming i kommunestyret Undersøking Bordgleder KF - rapport frå Vestland Revisjon KO

Saksframlegg - Undersøking Bordgleder KF - rapport frå Vestland Revisjon KO

Rapport - Kryss subsidiering

Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll



Saksnr.	Utval	Møtedato
128/25	Kommunestyret	16.12.2025

Forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF

KOST- 128/25 Vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.
2. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å i tillegg gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF som vurderer om føretaket driv kostnadseffektivt, målretta og i samsvar med overordna vedtak og føringar frå kommunen – med særleg fokus på vedtekne modellar, eksternt sal, og organisatoriske val.
3. Forvaltningsrevisjonen av Bordgleder Kinn kommune KF vert finansiert med ei overføring frå 2025 til 2026 av budsjettert løyving til kontrollutvalet på kr 100 000 til utføresette hendingar, og auke i ramme for kontrollarbeidet i 2026 på kr 200 000 – totalt kr 300 000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon gjennom eventuell eksternt revisjonsmiljø.
4. Det vert lagt til grunn at forvaltningsrevisjonen har ei ramme på 150 – 200 timar.
5. Sekretariatet for kontrollutvalet hentar eventuelt inn tilbod på ekstern bistand, og følger opp innkjøpet i samråd med kontrollutvalet.
6. Når rapporten frå forvaltningsrevisjonen føreligg vert den oversendt til kommunestyret etter handsaming og innstilling frå kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Kinn kontrollutval har sendt over vedtak frå møte 03.12.2025, der dei ber kommunestyret om å behandle sak om forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF.

Saksopplysningar:

Kinn kontrollutval har motteke ei henvending om kontrolltiltak ovanfor Bordgleder KF. Under handsaming i møte 03.12.2025 vart det notert følgjande:

Kontrollutvalet tek henvendinga til vitende, og saman med rapporten frå Vestland Revisjon og orienteringa frå kommunedirektøren finn kontrollutvalet det aktuelt med ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF. Kontrollutvalet vil difor oversende

henvendinga til kommunestyret, med tilråding om oppfølging.

Kinn kontrollutval har i møte 03.12.2025, i sak 57/25, vedteke følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.
2. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å i tillegg gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av Bordgleder Kinn kommune KF som vurderer om føretaket driv kostnadseffektivt, målretta og i samsvar med overordna vedtak og føringar frå kommunen – med særleg fokus på vedtekne modellar, eksternt sal, og organisatoriske val.
3. Forvaltningsrevisjonen av Bordgleder Kinn kommune KF vert finansiert med ei overføring frå 2025 til 2026 av budsjettett løyving til kontrollutvalet på kr 100 000 til utføresette hendingar, og auke i ramme for kontrollarbeidet i 2026 på kr 200 000 – totalt kr 300 000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon gjennom eventuell eksternt revisjonsmiljø.
4. Det vert lagt til grunn at forvaltningsrevisjonen har ei ramme på 150 – 200 timar.
5. Sekretariatet for kontrollutvalet hentar eventuelt inn tilbod på ekstern bistand, og følger opp innkjøpet i samråd med kontrollutvalet.
6. Når rapporten frå forvaltningsrevisjonen føreligg vert den oversendt til kommunestyret etter handsaming og innstilling frå kontrollutvalet.

Vurderingar:

Kommunestyret behandlar saka.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Repr. Nødseth (V) ber om å få fritak i sakene 127/25 og 128/25 etter kommunelova § 11.11, med grunngjeving i at det er personleg belastande.

Kommunedirektøren har vurdert søknaden etter § 11.11, men det er opp til kommunestyret å avgjere dette. Viser ellers til notat vedrørende habilitet.

Kommunestyret røyster over dette som ein fritakssøknad.

Fritakssøknad frå Nødseth (V) vedteke 22 mot 16 røyster (9 FrP, 2 UAH, 4 R, 1 SP v/Midtbø).

Varamedlem Malvin Horne tiltrer i sakene 127/25 og 128/25.

Representantane Midtbø (SP) og Eikevik (SP) ønskjer sin habilitet vurdert, då dei er varamedlemmar i styret i Bordgleder.

Ordførar foreslår at begge er habile, og kommunestyret vedtek samrøystes begge som habile.


Røysting:

Innstilling frå kontrollutvalet til punkt 1 samrøystes vedteke.

Innstilling frå kontrollutvalet til punkt 2-6 falt med 18 røyster (2 UAH, 4 R, 9 FrP, 1 H v/Olseth, 1 Sp v/Halsne, 1 KrF v/Vig).

KOST- 128/25 Vedtak:

Kommunestyret ber kontrollutvalet halde fram planlagt prioritering for forvaltningsrevisjon i henhold til kommunestyrevedtak 127/24.



Saksnr.	Utval	Møtedato
142/25	Formannskapet	27.11.2025
129/25	Kommunestyret	16.12.2025

Tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 - Kinn kommune

KOST- 129/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre stadfester tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 som vist i denne saka.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Kinn kommunestyre stadfester tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 som vist i denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre stadfester tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 som vist i denne saka.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre stadfester alle budsjettjusteringar mellom tenestoområda, herunder også fordeling av reserverte løyvingar til pensjon og pris- og lønsvekst. Tekniske budsjettjusteringar gjennom året inngår, og vert vist, i både første og andre tertialrapport. Denne saka tar for seg dei tekniske budsjettjusteringar som er gjennomført i etterkant av andre tertialrapport for 2025.

Tekniske budsjettjusteringar skjer i alle hovudsak mellom tenestoområde, og påverkar ikkje bunnlinja til kommunen.

Saksopplysningar:

I samband med kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2025 er kommunedirektøren gitt fullmakt til å fordele pensjon og pris- og lønsvekst til tenestoområda. I denne saka stadfester kommunestyret fordelinga som vert gjennomført i budsjettet for 2025. Fordelinga er basert på kjent informasjon i november 2025. Endeleg fordeling knytt til pensjon vert gjennomført i samband med årsoppgjøret for 2025.

Vurderingar:

Tekniske justeringar september-desember 2025 er vist i tabellen nedafor.

Løns og prisvekst 2025

Deflator for 2025 er 3,9%. Overhenget 2024/2025 vart kompensert tidleg på året med

2,3%. Resten som er knytt til datolønsvekst frå 1,5,2025 på 1,6% er justert ut på rammene med 21,888 millionar kroner i september, etter at årets lønsoppgjer i stor grad er ferdig forhandla og utbetalt.

AK tiltak LARA

Tiltak frå prosessen med Agenda Kaupang i 2024. Innsparingseffekt ved å legge ned tiltaket i 2025 er flytta frå Pleie og omsorg til Sosialteneste.

Innsparingstiltak – retta funksjon i forhold til tiltak frå prosjekt Ny leiling og styringsstruktur

Innsparinga i dette tiltaket er gjort på tenesteområda Pleie og omsorg, Plan- byggesak og miljø og Bustad. Her korrigerert mellom funksjon i tråd med KOSTRA.

Ansvar Bustad

Etter ein gjennomgang av ansvaret si drift og tenesteområder/funksjoner er det gjort ei teknisk budsjettjustering mellom tenesteområda slik det kjem fram av tabellen, i tråd med KOSTRA og rett budsjettering.

Fordelt pensjon

Pensjon er fordelt på tenesteområda, justert med 45,253 millionar kroner mot finans/reservert løyving.

Lærlingar under ansvar personal

I 2025 er det fleire lærlingar på skule og barnehage. Her er det gjort ei teknisk budsjettjustering og flytta midlar frå tenesteområdet Pleie og omsorg til Barnehage og Grunnskule.

Tekniske justeringar tenesteområde	Løns og prisvekst 2025	AK tiltak LARA	Innsparings tiltak - retta funksjon i forhold til tiltak	Føremålsbygg styrking fordelt på rett funksjon	Bustad	Pensjon	Lærlingar	SUM
Politisk leiling	141					-119		22
Sentraladministrasjon	1 133		2 035		-1 182	-2 237		-251
Felles - diverse	22				-604	530		-52
Barnehage	2 860					-6 010	300	-2 850
Grunnskule	5 433			-200		-9 145	200	-3 712
Kommunehelse	1 331					-2 232		-901
Pleie og omsorg	7 819	300	-1 000			-20 726	-500	-14 107
Barnevern	1 003					-960		43
Sosialteneste	519	-300			-4 086	-691		-4 558
Kultur, fritid og kyrkje	633			500		-1 265		-132
Plan, byggesak og miljø	148		-285			-1 044		-1 181
Næring og samferdsle	374					-327		47
Bustad	67		-750		5 872	-351		4 838
Brann- og ulukkesvern	405					-676		-271
Vatn, avløp og renovasjon								0
Finans	-21 888			-300		45 253		23 065
Motpost 1A								0
Sum bilag/ending	0	0	0	0	0	0	0	0

Økonomiske konsekvensar:

Tekniske budsjettjusteringar skjer i denne saka mellom tenesteområda, og har ikkje økonomisk konsekvens for bunnlinja til kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardaSkriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 129/25 Vedtak:


Kinn kommunestyre stadfester tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 som vist i denne saka.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 142/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre stadfester tekniske budsjettjusteringar september-desember 2025 som vist i denne saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/25	Styret i Florø hamn KF	03.09.2025
136/25	Formannskapet	27.11.2025
130/25	Kommunestyret	16.12.2025

Florø hamn Kinn Kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

KOST- 130/25 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Styret i Florø hamn KF - 03.09.2025

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Innstilling frå dagleg leiar:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka. Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Bakgrunn for saka:

Handlingsplan for Florø Hamn KF 2026, investeringsbudsjett 2026-2029, med prognose for åra 2030-2035, samt driftsbudsjett for 2026-2029.

Saksopplysningar:

Handlingsplan 2026

Hamneplanen (2020-2040) er det overordna styringsdokumentet til Florø Hamn.

Handlingsplanen er årsplanen med prioriteringar. Dei største linjene er med her, mens detaljane ligg i vedlikehaldssystemet ProResult. Målet er at handlingsplanen skal vert kort, brukarvenleg og gjennomførbar. Handlingsplan 2026 er i sin heilheit vedlagt saka.

Investeringsbudsjett 2026-2029

Det har vore nokre år med høgt investeringsnivå og det er difor grunnlag for å roe ned litt vidare. I følgje prognosane vil det kome år med høge investeringar framover i tid, knytta til cruisesatsing og utvidingar av areal. Rentenivået verkar å ha stabilisert seg litt, med det er fortsatt høgt. Vårt mål er at både renter og avdrag i størst mogleg grad skal finansierast over drift.

Vi har valt å dele opp våre planlagde investeringar i to typar; Investeringsprosjekt og prosjekt for vedlikehald.

Investeringsprosjekt

* Gir meir inntekter/lågare utgifter enn investeringa. Vert kun inngått ved forpliktande avtaler

** Investering som indirekte gir meir inntekter på sikt (rekkefølgjekrav)

Dette gjeld følgjande prosjekt:

1. 10014 – Veg til offentleg kai **
2. 10006 – Veg Botnastranda **
3. 10000 – Kjøp av areal **
4. 10028 – Lager Fugleskjærskai *
5. 80026 – Kjøp og sal av aksjar Måsholmen **
6. 80025 – Kjøp og sal av aksjar Skipskraft **
7. 10046 – Cruisesatsing, forprosjekt **
8. 10029 – Det grønne skiftet **
9. 10026 – Flytte containerterminal del II **
10. 10019 – Utvide kai Botnastranda Aust til 150 mtr *
11. 10016 – Forlenging kai C Fugleskjærskai *
12. 10045 – Infrastruktur Alden *
13. 10047 – Landstraum til cruise **
14. 10015 – Fase 2 Botnastranda **
15. 10012 – Flytebrygge ved fiskerikai i Hestenes *

Prosjekt for vedlikehald

Dette gjeld følgjande prosjekt:

1. 10034 – Dekke bakareal kai C
2. 10036 – Gunhildvågen rehab under kai
3. 10039 – HMS på kaiene
4. 10041 – Båt og anlegg, utstyr
5. 10042 – Tak lagerbygg kai D
6. 10049 – Infrastruktur gjestebrygge vann og strøm
7. 10050 – Oppgradering kaibelysning
8. 10051 – Beredskap infrastruktur
9. 10052 – Rehabilitering kaiskinner
10. 10048 – Oppbevaringsbokser på kollektivterminalen
11. 10043 – Nye flytebrygger gjestebrygga
12. 10040 – Fasade lagerbygg kai D

Prosjekta som har prioritet frå 1-9 må vere med for å sikre vidare drift. Prioritert 10 er for å redusere vaktutkall/belastning på personale, samt sikre eit godt tilbod til dei reisande (då dagens løysing ikkje fungerer optimalt). Prioritering 11-12 vil bli gjennomført om økonomien tillet det.

Fleire av investeringsprosjekta i 2026 er flytta frå 2025. Dette er grunna kapasitet i organisasjonen. Det vil også komme i revidert budsjett for 2025 (kommande sak).

Vedrørande satsing på nytt næringsareal og ny godshamn på Måsholmen, samt den vidare satsinga på Gunhildvågen-/Trolleskjærområdet er det framleis mykje uklart (politiske rammevilkår). Det pågår vidare utgreingar om handlingsrommet for næringslivet i Gunhildvågen, som skal handsamast i kommunestyret hausten 2025. Dette gjer at det vert krevjande å budsjettere rett, og det må truleg gjerast justeringar etter kvart gjennom revidert investeringsbudsjett. Når det gjeld cruisesatsing vil det krevje meir budsjettmessig enn det som er lagt inn i dette budsjettet, men det er noko som forprosjekt for cruise (10046) skal synleggjere og danne grunnlag for neste års budsjettarbeid. Det er lagt inn litt ekstra knytt til forprosjekt for 2026 for å fullføre dette. Det vil ta litt lengre tid med utgreingar, noko som og gjer at vi ikkje budsjetterer med auka inntekter (i driftsbudsjettet) grunna cruisesatsinga.

Driftsbudsjett 2026-2029

For driftsbudsjettet er det lagt inn ein generell auke på 4% i åra 2027-2029, utanom avdrag og renter i 2027. Som følgje av høg investeringskapasitet ser vi auka avdrag pr år. Rentenivået har starta å normalisere seg, men det er fortsatt høgt, noko som får konsekvens på driftsbudsjettet både i 2026 og framover. Det er vidare regna inn litt ulik auke i inntektene våre knytt til nye vederlagsprisar i 2026. Under avdrag og renter er det lagt på 2% i tillegg (buffer) i forhold til det vi har fått oppgitt knytt til eksisterande, samt nye låneopptak i 2026 og 2027. Dette for å være litt forberedt på svingingar. Vidare er det lagt på 4% auke frå 2028 for å ta litt høgde for nye låneopptak og renteauke. Personalmessig har vi frå 2026 lagt inn 1 ekstra fast ansatt på drift, samt 1 sommarvikar.

I 2026 vil Florø Hamn ende opp med eit meirforbruk, mens det frå 2027 vil verte eit mindreforbruk. Dette er dog avhengig av leigeinntekter frå nytt lager og nytt dekke på Fugleskjærskai. Åra fram til og med 2022 har vore gode og vi har bygd opp disposisjonsfondet. Dette for å være styrka til å gjennomføre dei store og tunge prosjekta våre. Det vert dermed som forventat at vi har hatt nokre år der vi bruker av disposisjonsfondet i staden for å bygge det vidare opp, og i tråd med tidlegare vedtak frå styret i Florø hamn Kinn kommune KF. Framover har vi eit mål om å benytte disposisjonsfondet til investeringar for å lette litt på framtidig låneopptak, så godt det lar seg gjere.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Tilleggsforslag, foreslått av Aud Norunn Vig, Kinn Kristelig Folkeparti
Planarbeidet skal samsvare med Kinn Kommune; kommuneplanen sin arealdel

Røysting:

Framlegg frå KrF v/repr. Vig falt med 5 røyster (1 KrF v/Vig, 4 R).
Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 130/25 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka.
Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn
Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og
økonomiplan for same periode.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:**Røysting:**

Innstilling frå styret samrøystes vedteke.

FORM- 136/25 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka.
Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn
Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og
økonomiplan for same periode.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 03.09.2025:

Samrøystes

FLHA- 030/25 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2026 vert godkjent som vedlagt saka.
Driftsbudsjett 2026-2029 og investeringsbudsjett 2026-2029 for Florø hamn Kinn
Kommune KF vert vedteke som vedlagt saka.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn Kommune sitt budsjett og
økonomiplan for same periode.

Vedlegg i saken:


Handlingsplan 2026

Økonomiplan, Driftsbudsjett 2026-2029

Investeringsbudsjett 2026-2029, investeringsprognose 2030-2035

Hamneplan-2020-2040-revisjon-2023-justert-etter-handsaming-i-hamnestyret-
03102023

Forskriftsskjema 2026-2029 - publisert 22.09.2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
038/25	Styret i Florø hamn KF	11.11.2025
135/25	Formannskapet	27.11.2025
131/25	Kommunestyret	16.12.2025

Revidert investeringsbudsjett 2025 Florø hamn Kinn kommune KF

KOST- 131/25 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Innstilling:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Revidert investeringsbudsjett for 2025.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg for total oversikt.

Ikkje alle prosjekt som vart budsjettert for i 2025 vert gjennomført, og er difor flytta til investeringsbudsjett 2026. Årsak til dette er faktisk kapasitet, avtaler som ikkje er ferdigstilt og ambisiøse planar.

Følgjande prosjekt vert ikkje gjennomført i 2025:

- 10000 Kjøp av areal, kr 2 100 000
- 10012 Flytebrygge ved fiskerikai, kr 400 000
- 10034 Dekke bakareal kai C, kr 4 000 000
- 10036 Gunhildvågen rehab under kai, kr 2 000 000

Følgjande prosjekt vert justert i 2025:

- 10009 Forsterking kai D, Fugleskjærkaia, auka frå kr 0 til kr 250 000 (pga kaiskinner).

- 10028 Lager Fugleskjærkaia, justert ned frå kr 5 000 000 til kr 100 000.
- 10046 Cruisesatsing, forprosjekt, justert ned frå kr 500 000 til kr 200 000.

Økonomiske konsekvensar:

Investeringar i varige driftsmidlar for 2025 vert redusert frå kr 16 300 000 til kr 10 350 000. Beløp på utlån vert redusert frå kr 16 300 000 til kr 10 350 000.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 131/25 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:**Røysting:**

Innstilling frå styret samrøystes vedteke.

FORM- 135/25 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 11.11.2025:


Samrøystes

FLHA- 038/25 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett 2025 for Florø hamn Kinn kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Rev. inv. bud. inkl. forskriftsskjema Oktober 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
010/25	Styret i Havhesten Kinn kommune KF	13.10.2025
137/25	Formannskapet	27.11.2025
132/25	Kommunestyret	16.12.2025

Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

KOST- 132/25 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Styret i Havhesten Kinn kommune KF - 13.10.2025

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Innstilling frå dagleg leiar:

Budsjett 2026 med økonomiplan 2026-2029 og handlingsprogram 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF vedtek budsjett 2026, økonomiplan 2026-2029 og handlingsprogram 2026.

Saksopplysningar:

Budsjett 2026 er satt opp slik vi meiner vi kjem ut økonomisk, der badeanlegget styrer mot balanse.

Vi har for første gong ikkje lagt inn ekstra ramme frå Kinn kommune, då vi trur det er

lite realistisk å forvente, då vi heller ikkje fekk tilskot til drifta for 2025. Betaling for skulesymjunga er indeksregulert for 2026.

Investeringar er satt på vent då føretaket ikkje kan handtere auka finanskostnader med det fyrste. Mindre investeringar og vedlikehald må dekkast inn av drifta.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 132/25 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedteke.

FORM- 137/25 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Styret i Havhesten Kinn kommune KF 13.10.2025:

Styret meiner at det er eit realistisk budsjett for 2026. Havhesten Kinn kommune har store finanskostnader, så det er vanskeleg å sjå for seg investeringar dei første åra. Mindre investeringar må dekkast inn av drifta. For 2026 er skulesymjunga indeksregulert. Eit einstemmig styre godkjenner budsjett 2026, økonomiplan 2026 og handlingsprogram slik det ligg føre. Styret ser fram til eit større tilbod i høve styrkerommet og meiner at dette kan auke kundegrunnlaget framover. Dei økonomiske rammene for foretaket er stramme, grunna mangel på tilskot, og det er såleis ei utfordring i høve ekstra personell i pressa perioder. Det vil også innebære reduserte opningstider om sommaren.

Røysting:

Dagleg leiar si innstilling samrøystes vedtatt.


HAVH- 010/25 Vedtak:

Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedlegg i saken:

Økonomiplan 2026-2029 Havhesten Kinn kommune KF
Handlingsprogram 2026 Havhesten Kinn kommune KF (2)
Budsjett 2026 Havhesten Kinn kommune KF
Bevilgingsskjema §5-4 og §5-5 (2026-2029)



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/25	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	18.11.2025
138/25	Formannskapet	27.11.2025
133/25	Kommunestyret	16.12.2025

Kinn utdannings- og ressurscenter KF: Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

KOST- 133/25 Vedtak:

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.
2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.
2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.
2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Bakgrunn for saka

Økonomien til KURS KF avheng i stor grad av det årlege talet på busettingar. Integreringstilskotet, som er den klart største og viktigaste inntektskjelda, er direkte knytt til busetting av kvar enkelt flyktning. Dette tilskotet får vi for fem år per flyktning, inkludert busettingsåret. Mest tilskot får vi dei tre første åra, deretter er det relativt mykje mindre i år fire og år fem.

Kor mykje inntekter vi kan budsjettere med for kvart år er derfor ganske usikkert, med større grad av usikkerheit jo lenger ut i økonomiplanperioden vi kjem. Budsjettet for 2026 baserer seg på oppmodingstalet frå IMDi, men også her er det umogleg å vite sikkert kor mange flyktningar vi endar opp med å ha busett ved slutten av året.

Oppmoding frå IMDi

Signala frå UDI og IMDi har over lengre tid vore at busettingstala går nedover. For 2025 vart oppmodinga frå IMDi nedjustert frå 80 til 65 i løpet av sommaren. Denne hausten har det snudd, og tala aukar igjen. Auken har samanheng med at unge menn i alderen 18-22 år no kan forlate Ukraina lovleg.

[Neste år er det anslått at det kjem rundt 13 000 flyktningar.](#) Kinn kommune er oppmoda om å busette 75 personar i 2026. Vi er ikkje bedne om å ta i mot einslege mindreårige.


Kor mange som framover kjem til Noreg, og om kommunane vil få det talet på personar som det vedtek, er framleis uføreseieleg. Frå tidlegare veit vi at dersom det kjem færre enn kommunane samla har vedteke å ta imot, blir det ei avkorting opp mot det opphævelege talet.

Statsbudsjettet 2026 – relevante endringar

- Integreringstilskot blir vidareført nominelt, utan justering.
- Sats for einslege mindreårige får ei mindre auke.
- Tilskot til utvida norskopplæring for personar med midlertidig kollektivt opphald blir avvikla. Det betyr at norskopplæring for denne gruppa blir avgrensa til eitt år.
- Prisjustering er foreslått for dei øvrige norsktilskota.
- Regjeringa foreslår å ta imot 100 kvoteflyktningar, men dette blir gjenstand for forhandlingar i Stortinget.

Nedgang i inntekter i åra framover

Følgjande graf syner effekten på inntekt frå integreringstilskot i åra framover, dersom vi skal busette 50 eller 75 personar i 2026, og deretter 50 personar kvart år i åra 2027-2029.



I 2025 mottok vi tilskot for om lag 650 personar, men dette talet vil gå kraftig ned frå og med 2027, då første «5-årskull» frå Ukraina går ut av listene. Modellen legg til grunn 10 % fråflytting.

Omstilling i KURS KF og nedgang i overføringer til kommunale tenester

Ein såpass bratt nedgang i inntekter dei neste åra vil krevje omstilling både i KURS KF og resten av kommunen. Mykje av kostnadane vil naturleg falle bort (for eksempel direkte utbetalingar p.p. slik som introlønn), men det er ikkje ein enkel lineær samanheng mellom når inntektene kjem og når kostnadane slår inn. Det er difor viktig med ein god plan for innfasing av midlane som no ligg på disposisjonsfondet.

Hos KURS KF er det sett i gang ein prosess i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og verneombod, med støtte frå personalavdelinga, for å finne dei nødvendige endringane internt i eigen organisasjon.

Deler av utgiftene er «varige», enn så lenge flyktningar ikkje kvalifiserer til statlege pensjonsordningar. Dette handlar om utbetaling av sosialstønad til eldre flyktningar. Per 3. kvartal er det 35 stk. over 56 år som er på KURS sine tilskotslister som får sosialhjelp, noko Nav tidlegare har estimert til om lag 5,5 mill. kroner i utbetalingar årleg.

Vi ser at utgiftene hos særleg Nav sannsynlegvis kjem til å vere høge også i 2026. Utgiftene til sosialhjelp må ned på eit lågare nivå skal vi få økonomiplanen til å gå i balanse i åra framover.

I møter med kommunen har vi drøfta oss fram til ei ramme på 35 mill. kroner til kommunale tenester i 2026. Denne ramma er høgare enn det som låg til grunn i gjeldande økonomiplan og er grunna i utgiftsnivået hos Nav.

Det er vidare i økonomiplanen lagt inn 21 mill. kroner i høvesvis 2027 og 2028, og 20 mill. kroner i 2029. For åra 2026-2028 er det i tillegg lagt inn eit generelt dekningsbidrag på 8 mill. kroner. Det er ikkje budsjettert inn eit generelt dekningsbidrag i 2029.

Desse tala må likevel sjåast på som usikre estimat. Overføringar til andre kommunale tenester skal følgje dei reelle ekstrakostnadane til integrering, etter fagleg drøfting med KURS KF, og avhengig av tilgjengelege midlar.

Bruk av disposisjonsfond

Ved årsskifte er prognosen at det vil vere om lag 37 mill. kroner på disposisjonsfondet. For KURS KF er det svært vanskeleg å spå utviklinga i både inntekter og utgifter, då det heng saman med faktiske busettingar. Vi kjem til å vurdere økonomiplanen allereie våren 2026 ut frå oppdaterte prognosar. Likevel, basert på den informasjonen vi no sit på, vil heile disposisjonsfondet vere brukt innan utgangen av neste planperiode. Det er budsjettet med underskot allereie i 2026, og med endå større uttak frå disposisjonsfondet i åra 2027-2029.

Ein bør planlegge med å ha om lag 8 % av brutto driftsinntekter på fondet til ei kvar tid. Dersom inntektene i 2029 er om lag 40 mill. kroner, bør det stå att rundt 3,2 mill. kroner på fondet.

Vurderingar frå kommuneleiinga

KURS KF og kommuneleiinga har drøfta både busettingstalet neste år og ramma for overføring til dei kommunale tenestene for neste økonomiplanperiode.

Nav har gitt tilbakemelding om at dei ønskjer å avgrense busettinga til 50 personar i 2026. Dei peikar på utfordringar med arbeidstilrettelegging og ei grense for kva arbeidsmarknaden kan ta imot. NAV opplever no eit høgt press, som kan delvis forklarast med dei ekstraordinære busettingstala i 2022-2024.

Bustadkontoret opplever også press på sine tenester. Det er reduserte rammer for drift, og vedteke sal av kommunal bustadmasse. Ei høgare busetting vil derfor krevje auka ressursar til bustadarbeidet.


Samla tilrår derfor kommunedirektøren å avgrense talet på busettingar i 2026 til 50.

Vår vurdering av busettingstalet i 2026

KURS KF har kapasitet til å ta i mot 75 flyktningar i 2026. Eit lågare busettingstal vil gi negativ økonomisk effekt, og eit mellom-høgt nivå kan bidra til å dempe den bratte inntektsnedgangen i komande år. Til saman i økonomiplanperioden vil 75 flyktningar i staden for 50 i 2026 gje om lag 15 millionar kroner meir i inntekter. Noko av dette vil gå til å dekke direkte utgifter til dei aktuelle flyktningane, men stordriftsfordelar vil gjere at storparten av inntektene kan brukast til å dekke andre utgifter.

Personar busett i 2026 vil gå i introduksjonsprogram i 2026 og delar av 2027. Det er først i 2027-2028 dei eventuelt blir overført til Nav. Det er reelt at Nav no opplever ein «topp» i belastning, ettersom busettingstala har vore så høge i 2022-2024. Det er ikkje sannsynleg at tilfanget blir like stort dei komande åra. I det store biletet er det framleis mangel på arbeidskraft i kommunen. KURS KF finansierer to stillingar i Nav til oppfølging av flyktningar, og vil intensivere samarbeidet med Nav om å få fleire over i arbeid.

Kinn kommune har gode resultat på overgang til arbeid direkte frå introduksjonsprogrammet samanlikna med nasjonale tal, følgjande figur syner status på dei som har avslutta introprogrammet så langt i 2025:



Andre eksterne midlar

KURS KF jobbar aktivt med å hente inn eksterne midlar:

- **Jobbsjansen:** Starta hausten 2025, med 6 innvandrarar i programmet. Støtte venta vidare i 2026.
- **Etablerarordninga:** Finansierte av IMDi og Vestland fylkeskommune, venta vidareført i 2026.
- **ffkf:** organisasjonen Faglig forum for kommunalt flyktningararbeid kjøper tenester av oss i form av organisasjonssekretær, dette tilsvarer refusjon av ei 50 % stilling i administrasjonen. KURS vil inngå ny avtale med organisasjonen i 2026.

Ressurspool

Dersom vi får eit betre årsresultat i 2025 enn budsjettet, vil vi foreslå å sette av nokre midlar til prosjektet Ressurspool, som vi tidlegare har presentert og mange er positive til. Målgruppa for prosjektet er flyktningar som har avslutta introduksjonsprogrammet utan at dei har jobb, og som har sosialhjelp som si viktigaste inntektskjelde. I tredje kvartal var det 22 personar i alderen 18-55 år, som vi mottar integreringstilskot for, i denne gruppa.

Det vil vere meir realistisk å gjennomføre dette prosjektet på ein god og effektiv måte dersom vi også får til ei samhandling med verkemiddel hos Nav, som sidan mai ikkje har hatt tilgang på tiltaksmiddel. Vi håpar at vi vil ha ein god dialog med både Nav lokalt og regionalt om eit slikt samarbeid, og bygge vidare på samarbeidet vi har hatt med deltakinga i nettverket Flyktningar i jobb. I tillegg vil vi søke om eksterne midlar til å finansiere dette prosjektet i 2026.

Om detaljbudsjettet for 2026

Nærare om ansvarsområde 1000

Eit busettingstal på 75 personar neste år, medrekna ei fråflytting på 10 prosent av dei som vi i dag mottar integreringstilskot for i Kinn kommune, gir om lag 97 mill. kroner i forventede inntekter frå integreringstilskota i 2026, i tillegg til vertskommunetilskot på om

lag 3 mill. kroner. Eventuelle ekstratilskot frå IMDi er ikkje medrekna i den summen.

Utgiftene vi har for prosjekt er budsjettert inn i lønsutgifter og ein del driftsutgifter, men inntektene er ikkje budsjettert inn. Vi kan likevel forvente å få vidareført prosjektmidlar til prosjektet med Jobbsjansen, som starta opp hausten 2025, samt for prosjektet etablerarteneste.

Av andre inntekter kan vi nemne at KURS KF vil forlenge avtalen frå 2026 med organisasjonen Faglig forum for kommunalt flyktningarbeid (ffkf) som kjøper tenester/organisasjonssekretær frå oss, det gir refusjon av lønnsutgifter tilsvarande ei halv stilling.

Overføringer til/kjøp av kommunale tenester er på til saman 35 mill. kroner i 2026 og er lagt inn med følgende fordeling:

Bustad	7 300 000
Grunnskule	5 500 000
Barnehage	1 375 000
Sosialhjelp/NAV	15 300 000
Helsestasjon	803 000
Omsorg	250 000
Barnevern	1 482 000
Rus/psykatri	400 000
Ungdomsarbeid	30 000
Arrangement	300 000
Bibliotek	70 000
Frivilligsentral	910 000
Andre kommunale tenester	1 280 000

I tillegg ligg det inne eit generelt dekningsbidrag til kommunen på 8 mill. kroner.

Lønsbehovet på ansvar 1000 er i stor grad vidareført. Det inkluderer to stillingar i prosjekt.

Det er bestilt ei ekstern gjennomgang av busettings- og integreringsarbeidet i Kinn. Halve kostnaden for dette vil falle i 2026, det er difor budsjettert med 0,5 mill. kroner til det. Elles er dei største utgiftspostane husleige til Vestland fylkeskommune, straum, reinhald, leasing av bil, reiseutgifter og utgifter til kontor og IKT.

KURS KF dekker også tolketenester i alle dei kommunale tenestene, dette er anslått å koste om lag 2 mill. kroner i 2026 og ligg også under konto 120.

Nærare om ansvarsområde 2000 - Vaksenopplæring

Prognosane for norsktilskot neste år, basert på 75 nye personar i introduksjonsprogrammet, gir forventa inntekter på 6 mill. kroner. Det er ei nedgang frå i år kor vi truleg landar på 7,5 mill. kroner. I tillegg kjem refusjonar for AMO (NAV) som er anslått til 100 000 kr. Inntekter frå norskprøver og private kjøp av norskkurs er anslått til 100 000 kr.

Lønnsbehovet på vaksenopplæringa er vidareført på om lag same nivå i 2026. Alle lærarar har fast tilsetjing.

I utgiftene på vaksenopplæringa ligg mellom anna husleige for lokalar i Måløy inkludert straum på til saman 1,5 mill. kroner. Det er også budsjettert inn 250 000 kr i innkjøp av læremidlar, det er noko lågare beløp enn det vi brukar i inneverande år. Lisensar på

fagsystemet i Visma er anslått til 130 000 kr. I tillegg kjem nokre utgifter mellom anna til IKT-utstyr, kontorutgifter og reise.

Nærare om ansvarsområde 3000 – Introduksjon og kvalifisering

Det store utgiftspostane på introavdelinga er utbetaling av introduksjonsløn til dei som er aktive i introduksjonsprogrammet og vente- og etableringsstønad (husleige, straum, matpengar).

Det er budsjettert med 20 mill. kroner i introduksjonslønn og 4,5 mill. kroner i stønader før intro. Tolkeutgifter er budsjettert til 300 000 kr. Lisensar til fagsystemet i Visma utgjør 300 000 kroner. I tillegg kjem nokre utgifter til kontor, reiseutgifter og til aktivitetar for introdeltakarar i skuleferiane. Lønnsnivået er vidareført på same nivå.

Nærare om ansvarsområde 4000 – Solbakken asylmottak

Budsjettet for solbakken asylmottak er budsjettert for å gå i null. Driftsinntektene, og i stor grad utgiftene, er regulert ut frå avtalen vi har med UDI. Inntektene blir justert med prisomregningsfaktor som blir vedteke i statsbudsjettet årleg. I 2025 sa UDI opp totalt 50 tilleggs plassar på Solbakken. Det er ut frå gjeldande kontrakt difor budsjettert med 180 mottaksplassar i 2026.

Tilråding

Som skildra over er det knytt svært stor usikkerheit til kor mange flyktningar totalt norske kommunar kjem til å busette i 2026. Om det blir færre totalt enn føresett i oppmodinga, må vi rekne med å få færre til Kinn enn vi har sagt ja til. Flyktningar representerer ei viktig tilflyttingsgruppe til Kinn og kan bidra med verdifulle ressursar.

Det er også mogleg å gjere ei ny vurdering dersom det viser seg at det til dømes blir vanskeleg å skaffe tilstrekkeleg mange bustadar. Dette vil vere naturleg å gjere i samband med 1. tertial og revidert budsjett.

Vi tilrår derfor å vedta eit busettingstal på 75, i tråd med oppmodinga frå IMDi.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Alternativt punkt 2, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune vedtar å busette inntil 50 flyktningar i 2026. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik til alternativt punkt 2 vert sett opp mot innstilling frå formannskapet til punkt 2 og falt med 11 røyster (9 FrP og 2 UAH).
Innstilling frå formannskapet til punkt 1 og 3 samrøystes vedteke.

KOST- 133/25 Vedtak:

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.

2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.

3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Røysting:

Innstilling frå styret samrøystes vedteke.

FORM- 138/25 Vedtak:

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.
2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 18.11.2025:

Styret understrekar at den delen av budsjett og økonomiplan som omhandlar Solbakken asylmottak (ansvar 4000) er avhengig av at UDI utløyser opsjon på vidare drift etter juni 2026.

KURE- 030/25 Vedtak:

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029 vert vedteke slik dei kjem fram av sak og vedlegg.
2. Kinn kommune vedtar å busette inntil 75 flyktningar i 2026, i tråd med oppmodinga frå IMDi. Vedtaket inkluderer ikkje eventuelle familiegjenforeiningar.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.


Vedlegg i saken:

KURS KF budsjett og økonomiplan 2026-2029

KURS KF forskriftsskjema 2026-2029

KURS KF Handlingsprogram 2026

Vurdering av busetting av flyktningar i 2026 - råd om å redusere



Saksnr.	Utval	Møtedato
040/25	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	05.12.2025
134/25	Kommunestyret	16.12.2025

Bordgleder Kinn kommune KF - Driftsbudsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029 - justert framlegg

KOST- 134/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek drifts- investeringsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 slik det ligg ved denne saka.
2. Kommunestyret godkjenner handlingsplan for Bordgleder i 2026 slik den ligg ved denne saka.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Vedtak som innstilling frå Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 05.12.2025

1. Kommunestyret vedtek drifts- investeringsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 slik det ligg ved denne saka.
2. Kommunestyret godkjenner handlingsplan for Bordgleder i 2026 slik den ligg ved denne saka.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Kommunestyret vedtek drifts- investeringsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 slik det ligg ved denne saka.
2. Kommunestyret godkjenner handlingsplan for Bordgleder i 2026 slik den ligg ved denne saka.

Bakgrunn for saka:

Styret i Bordgleder vedtok budsjett- og økonomiplan i styremøte 22.10.2025. Denne saka vart lagt fram for formannskapet den 27.11.2025, utan at formannskapet gjorde anna vedtak enn å ta saka til vitande. I same formannskapsmøte handsama formannskapet saka «Oppfølging av økonomiforutsetningar - Bordgleder KF», formannskapet si sak 139/25. Formannskapet fatta slikt vedtak i tråd med kommunedirektøren si innstilling: «Arbeid med å økonomisk omstilling og tilpassing av Bordgleder KF vert lagt tilgrunn slik det går fram av saka, og med dei vilkår som kommunestyret fastset i samband med handsaming av budsjett/økonomiplan for 2026-29.»

Saksopplysningar:

Styret hadde i forkant handsama same sak og fatta slikt vedtak:

«Styret viser til rapporten frå Deloitte, som viser at alternativet med eit KF er ca 1,8 millionar kroner rimelegare enn å avvike KF og legge dette inn i kommunedirektøren si styringslinje som ei ordinær teneste utan eksternt sal. Bordgleder KF bidreg såleis til at kostnaden ved å produsere mat til omsorgstrengande i kommunen blir vesentleg rimelegare for Kinn kommune.

Styret har eit stort fokus på å auke eksternt sal, noko dagleg leiar jobbar med kontinuerleg. Som det framgår av styret sitt vedtekne budsjett og økonomiplan er det budsjettert etter eit forsiktigheits- og forsvarlegheitsprinsipp der ein berre har lagt til grunn faktisk påreknelege kostnader og inntekter jf. kommunelova § 14-4 tredje ledd.

Styret legg til grunn at eksternt sal vil auke, men finn det vanskeleg å budsjettere med dette før ein har meir konkrete avtaler som gjer at realismekravet i kommunelova vert stetta. Dette er også i samsvar med tilbakemeldingar ein har merka seg frå det politiske ordsiftet om Bordgleder.

Styret har forståing for at det er krevjande økonomiske tider for kommunen som konsern, og vil sjølvstendig rette seg etter det budsjett kommunestyret vedtek og styre etter det etter beste evne og vilje. Også om kommunestyret vedtek eit budsjett med høgare budsjettert eksternt sal. Likevel finn ikkje styret å kunne tilrå ei slik underdekning som reelt er konsekvensen av kommunedirektøren sitt framlegg, og vil oppmode om at det budsjett og økonomiplan som styret allereie har vedteke blir lagt til grunn.»

Konsekvensen av formannskapet sitt vedtak er at Bordgleder KF sitt budsjett og økonomiplan skal justerast slik at den årlege meirkompensasjonen som kommunedirektøren budsjetterer med, på kroner 3 millionar kvart år i 2026 og 2027, ikkje skal vidareførast i resten av økonomiplanperioden altså 2028 og 2029.

Med støtte i dei nye og uavhengige rapportane som er utarbeidd for økonomien til Bordgleder KF, vil Bordgleder KF påpeike at allereie i dag bidreg Bordgleder til at heilt naudsynte tenester som matomsorg i Kinn kommune, blir minst 1,8 millionar kroner rimelegare i Florø-delen av Kinn på grunn av måten Bordgleder er organisert og effekten av eksternt sal. Konklusjonen er klår: Om ein sluttar med eksternt sal og avviklar føretaksmodellen, så må kommunen betale meir for desse tenestene. Å framstille dei nemnte 3 millionane som ekstra overføring, vert såleis ikkje rett. Det rette er at kommunen betalar langt mindre enn faktiske kostnader, for dei tenestene dei får levert. Når ein vel å ta vekk denne kompensasjonen for varer og tenester frå og med 2027, så må det hentast inn med auka eksternt sal og effekten av dette. Enten sal skjer til andre kommunar eller føretak.

Som oppmoda rettar styret seg etter vedtaket i formannskapet og legg med dette fram ny sak for kommunestyret om budsjett og økonomiplan, med dei føringane formannskapet og kommunedirektøren har bede om.

Med henvisning til kommunelova § 11-8 andre ledd har styreleiar avgjort at sak om justering av budsjettet vart avgjort skriftleg, fordi det er «påkrevd å få avgjort en sak før neste møte, og det enten ikke er tid til å holde et ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at et ekstraordinært møte anses som nødvendig.» Styret har førehandssamtykka til ei slik løysing, fordi budsjett og kommunedirektøren sitt framlegg, har vore diskutert grundig i styret i samband med førstegongs handsaming av dei to respektive sakene som er nemnt i denne saka.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Ordførar informerer om at eit punkt 3 har falt ut:

3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og

økonomiplan for same periode.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet, inkl. punkt 3, samrøystes vedteke.

KOST- 134/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek drifts- investeringsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 slik det ligg ved denne saka.
2. Kommunestyret godkjenner handlingsplan for Bordgleder i 2026 slik den ligg ved denne saka.
3. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan for same periode.

Behandling i Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 05.12.2025:

Med henvisning til kommunelova § 11-8 andre ledd har styreleiar avgjort at sak om justering av budsjettet vart avgjort skriftleg, fordi det er «påkrevd å få avgjort en sak før neste møte, og det enten ikke er tid til å holde et ekstraordinært møte, eller saken ikke er så viktig at et ekstraordinært møte anses som nødvendig.» Styret har førehandssamtykka til ei slik løysing, fordi budsjett og kommunedirektøren sitt framlegg, har vore diskutert grundig i styret i samband med førstegongs handsaming av dei to respektive sakene som er nemnt i denne saka.

Røysting:


Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 040/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek drifts- investeringsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 slik det ligg ved denne saka.
2. Kommunestyret godkjenner handlingsplan for Bordgleder i 2026 slik den ligg ved denne saka.

Vedlegg i saken:

Budsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2026-2029 justert
Handlingsplan 2026



Kinn kommune

Arkiv: FE-151, FE-190
JournalpostID: 25/61399
Sakshandsamar: Linda Nipen
Dato: 18.11.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
140/25	Formannskapet	27.11.2025
135/25	Kommunestyret	16.12.2025

Kinn kommune - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2026-2029

KOST- 135/25 Vedtak: Budsjettvedtak

- Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2026–2029, med dei korreksjonar som går fram av formannskapet sitt framlegg til vedtak, samt oversikter og justeringar nedafor.
- Økonomiplan drift 2026-2029 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast til Bevilgingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4), med dei korreksjonar som går fram av formannskapet sitt framlegg til vedtak og følgjande oversyn:

Drift		2026	2027	2028	2029
Tenesteområde/gruppering	Tiltak				Endringsbeskriving
Politisk leing	Formannskapet sine disponible midler	300	300	300	300 Det vert sett av kr. 300.000,- til formannskapet sin disposisjon. Formålet med tiltaket er å finansiere initiativ som fremmer trivsel i Kinn kommune.
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 04 Redusert ressurs til minoritetsspråkelege born	650	750	800	800 Innsparing reversert, dette er viktig
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 05 Redusere ressurs til born med særskilde behov	0	0	100	100 tiltak reversert
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 03 Redusere adm/relatertressurs i barnehage	50	50	100	100 Adm ressurs i barnehagen vert også brukt som vikar,
Barnehage	AK Oppvekst Tiltak 06 Feriestengde barnehagar	0	0	1 572	1 572 Feriestengte barnehagar vert ikkje gjennomført
Grunnskule	AK Oppvekst Tiltak 13 Omstilling SFO - redusert opningstid	200	470	470	470 Opningstid i SFO vert uendra
Grunnskule	Rettleiing nye lærarar	265	265	265	265 Øymerka midlar til rettleiing av nye lærarar
Kommunehelse	Frisklivs-, lærings- og mestringstilbod	114	114	114	114 Øymerka midlar til Frisklivs-, lærings- og mestringstilbod
Kommunehelse	Influensavaksine for tilsette i skule- og barnehage.	250	250	250	250 Tilsette i oppvekstsektoren har en samfunnskritisk rolle. For å hindre sprenging av influensasjukdom, og som ledd i å redusere sjukefråvær vil Kinn kommune tilby tilsette i skule- og barnehage influensavaksine. Ein bør vurdere om det er mogleg å legge til rette for massevaksinerings på arbeidsplassane.
Kommunehelse	Kommunalt rusarbeid	745	745	745	745 Øymerka midlar kommunalt rusarbeid
Sosialteneste	Kommunalt rusarbeid innan sosialteneste	621	621	621	621 Øymerka midlar til kommunalt rusarbeid
Sosialteneste	Sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte	91	91	91	91 Øymerka midlar til sosiale tenester og tiltak for vanskelegstilte
Kultur, fritid og kyrkje	AK Samfunn Tiltak 18 Kirke, høgare avgifter gravplasser/festeavgifter	300	300	300	300 Festeavgiftene vert uendra og kuttet i tilskotet til kyrkja vert reversert. Gebyrlista vert endra tilsvarende
Kultur, fritid og kyrkje	Risikobuffer	-300	-300	-300	-300 justert
Kultur, fritid og kyrkje	Auka tilskot til Havglytt	200	0	0	0 Det er auka vedlikehaldsbehov på Havglytt og kommunen aukar difor tilskotet i 2026 med kr 200.000. Beløp for resten av økonomiplanen vert å kome tilbake til neste år
Kultur, fritid og kyrkje	JO-tunet	500	0	0	0 Ei separat løyving til stiftinga JO-tunet til opprustning av eigedomen JO-tunet, heimen til kunstnaren Bjørn Hegranes
Kultur, fritid og kyrkje	Tilskot til verna fartøy/SAVOS	75	0	0	0 Dette er eit tilskot til drift og vedlikehald av verna fartøy i kinn kommune, td. Alløy eller andre
Plan, byggesak og miljø	Vedlikehald Flore kunstgrasbane	0	30	0	0
Finans (Reservert løyving)	Kirkens bymisjon tilskot	300	300	300	300 Det vert gjeve eit tilskot til Kirkens Bymisjon etter søknad dersom dei etablerer seg i Kinn
Sentrale inntekter	Skatt på inntekt og formue	-2 000	-1 000	-1 000	-1 000 Minimal justering av estimert skatteinntekt
Sentrale inntekter	Rammetilskot	-12 159	-12 159	-12 159	-12 159 Tilleggslovgiving etter budsjettforlik
Sentrale inntekter	Tilskot Havbruksfond	9 678	551	9 678	551 Reduksjon i stipulerte inntekter frå havbruksfondet
Netto finansutgifter og inntekter	Renteutgifter	0	-659	-1 158	-1 559
Netto finansutgifter og inntekter	Avdragsutgifter	0	-687	-1 233	-1 705
Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	Bruk av disposisjonsfond	120	9 969	143	10 145
Sum endring drift		0	0	0	0
Oppsummering av budsjettforslaget (drift)	Budsjettframlegget frå HAP,SV,KrF og SP er i store trekk basert på kommunedirektøren sitt framlegg. Kommunen er i ein krevjande omstillingsprosess og det er naudsynt å vere nøkterne og sørge for at omstillinga går framover og gjev resultat. Men vi har likevel funne det naudsynt å gjere nokre korreksjonar for å sette fokus på viktige tiltak i kommunen. Dette gjeld både innan barnehage, SFO, Kyrkje og kultur og samferdsle. Det vert ikkje auka i festeavgifter. Barnehagane vert ikkje feriestengde. Opningstida i SFO vert ikkje redusert. Kunstgrasbana i Flore vert oppgradert i 2026. Det vert sett av pengar til oppgradering av turstar, drikkvatn på Kinn, Jolunet og Havglytt. Kirkens bymisjon kan få tilskot dersom dei etablerer seg. Vi har særskilt sett fokus på sal av kommunale bustadar for å redusere lån og renteutgifter. Detaljane går fram av det som er lagt inn i Framsikt og som vedlegg til saka				

- Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsreserven og sentral

avsetting til pensjon, frå reservert løying til dei enkelte tenestoområda.

4. Økonomiplan investering 2026-2029 vert vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt utkast til Bevilgningsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5), med dei korreksjonar som går fram av formannskapet sitt framlegg til vedtak og følgjande oversyn:

Investeringar		2026	2027	2028	2029	Endringsbeskriving
Tenesteområde/gruppering	Investering					
Kultur, fritid og kyrkje	Oppgradering av turstiar	300	0	0	0	0 Det er behov for å oppgradere turstiane i Brandsøyåsen og til Brurahomet
Kultur, fritid og kyrkje	Drikkevannsforsyning til servicebygget på Kinn.	300	0	0	0	0
Plan, byggesak og miljø	Rehabilitering Fløre kunstgrasbane	3 000	0	-3 000	0	0 Investeringa vert framskunda til 2026
Næring og samferdsle	Standalsvegen	0	0	5 000	0	0 Det vert sett av midlar til opprustning av Standalsvegen. Kva tiltak som skal prioriterast høgst gjenstår å bestemme. Administrasjonen vert bedne om å komme tilbake med ei sak om dette
Bustad	Sal av kommunale bustadar	-18 000	-12 000	-12 000	-12 000	0 Kommunen bør selje bustadar som ein ikkje har behov for i framtida. Forslaget er å selje minimum 6 kommunale bustadar til ein snittpris på 3 mill kr pr bustad i 2026 og 4 stk pr år vidare i økonomiplanen.
Sum investeringsinntekter	Kompensasjon for meirverdiavgift	-720	0	-400	0	
Sum investeringsinntekter	Bruk av lån	15 120	12 000	10 400	12 000	
Sum endring investering		0	0	0	0	

5. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar, konserninterne utlån og andre utlån inntil kr 579 053 000. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtekte låneramma
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjennomført vidare utlån av startlån frå Husbanken inntil kr 50 000 000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Finansiering skjer ved bruk av unytta lånemidlar 31.12.2025.
7. Kommunestyret godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån til nye lånevilkår og løpetid, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument
8. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går fram av budsjettutkastet
9. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek
10. I medhald til Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2025. Eigedomsskatt skal skrivast ut på faste eigedomar i heile Kinn kommune. Generell skattesats: 5 promille, skattesats for bustad/fritid 3,3 promille. Eigedomsskatt skal normalt betalast over 4 terminar (esktl. § 25) med same terminforfall som for kommunale avgifter. Flytebrygger skal fritakast for eigedomsskatt med heimel i § 7 bokstav a i eigedomsskattelova. Fritaket gjeld ikkje bryggeanlegg som vert drive på kommersiell basis. Det kan gjevast fritak for eigedomsskatt etter søknad for organisasjonar som driv ideell, frivillig og ikkje forretningsmessig verksemd. Søknadsbasert fritaksordning for eigedomsskatt for låginntektshusstandar innført i 2023 vert vidareført i 2026-2029.
11. Krav til finansielle måltal i 2026-2029 følgjer av økonomiplan
12. Langsiktige krav til dei finansielle måltala vert stadfesta til
 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2%
 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 170%
 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8%
 - Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter: 11,5%
13. Før innsending av økonomiplan 2026-2029 til Statsforvaltaren skal kommunedirektøren oppdatere økonomiplan 2026-2029 i tråd med kommunestyret sitt endelege vedtak, herunder også eventuell justering mellom momskompensasjonssinntekt og låneopptak i investeringsplanen, etter import frå politikermodule til økonomiplanmodule i Framsikt
14. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettjustere inntekter og utgifter knytt til utbyggingsavtalar, forutsett at prinsippa i sak 119/21 er følgt opp.
15. Kommunedirektøren får fullmakt til budsjettregulere inntekter og utgifter der kommunen overtek tekniske anlegg, og har motteke refusjon for MVA som skal tilbakebetalast til utbygger.

16. Tilskot til næringsføremål, kultur og frivilligheit blir vedteke slik det går fram av tabell lagt inn i budsjettframlegget
17. Utgifter som kommunen vil få knytt til busetting av flyktningar skal dekkast av integreringstilskotet som KURS KF mottar.
18. Inntekt frå Havbruksfondet knytt til auksjonsinntekt skal så langt som mogleg settast av til disposisjonsfond
19. Det vert gjennomført rådgjevande folkerøysting i samsvar med opplæringslova § 15-2, andre ledd hausten 2026, med mål om å endre målform ved Skram skule frå bokmål til nynorsk frå skuleåret 2027-2028
20. Arbeidet med nytt opptaksområde for Skram skule vert starta opp i 2026, jf. vedtak KOST – 110/25 punkt 1.
21. Arbeidet med nytt opptaksområde for barneskulane i Florø sentrum vert starta opp i 2026, jf. vedtak KOST – 110/25 punkt 2.
22. Sak om opplæringsbasseng på Vågsøya
Kommunestyret viser til initiativet om å etablere eit svømmeanlegg mv. på Skaredammen på Raudeberg. Kommunestyret viser vidare til planane om å etablere eit svømmeanlegg, Nordfjordbadet, i Måløy. Kommunestyret ser det som viktig å avklare fordelar og ulemper med desse to prosjekta for å raskt og effektivt kunne realisere eit svømmebasseng i tidlegare Vågsøy. Kommunestyret ber derfor kommunedirektøren legge fram ei sak som svarar på desse spørsmåla innan mars 2026. Saka skal òg synleggjere risiko for kommunen med tanke på spelemidlar, driftskonsekvens, behov for kapital mv.
23. Kirkens bymisjon
Kinn kommune ynskjer å styrke innsatsen for å redusere utanforskap, for å hjelpe familiar og enkeltpersonar i ein vanskeleg situasjon og å skape møteplassar for barn, unge, innvandrarar og einslege . Kinn kommune vil ynskje Kirkens bymisjon velkommen til Kinn dersom Kirkens bymisjon i samarbeid med andre organisasjonar og private sponsorar vil etablere seg i Kinn og bidra i dette arbeidet. Kinn kommune vil støtte ei slik etablering med eit årleg bidrag på inntil kr 300.000 basert på konkret søknad frå Kirkens bymisjon.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-630 174	-711 751	-729 234	-729 234	-760 067	-759 523	-756 864	-754 815
Inntekt- og formuesskatt	-680 001	-689 707	-689 707	-689 707	-735 115	-734 200	-734 281	-734 490
Eigedomsskatt	-82 018	-83 200	-83 200	-83 200	-84 250	-84 350	-84 550	-84 700
Andre generelle driftsinntekter	-103 435	-48 724	-51 986	-51 986	-94 361	-47 048	-88 974	-43 300
Sum generelle driftsinntekter	1 495 628	1 533 382	1 554 127	1 554 127	1 673 793	1 625 121	1 664 669	1 617 305
Korrigert sum løyvingar drift, netto	1 278 004	1 315 970	1 347 901	1 349 508	1 408 944	1 396 676	1 386 429	1 391 890

Avskrivningar	132 725	139 084	137 480	137 480	136 764	136 764	136 764	136 764
Sum netto driftsutgifter	1 410 729	1 455 054	1 485 381	1 486 988	1 545 708	1 533 440	1 523 193	1 528 654
Brutto driftsresultat	-84 900	-78 328	-68 746	-67 139	-128 085	-91 681	-141 476	-88 651
Renteinntekter	-30 938	-35 751	-31 014	-31 014	-35 429	-35 668	-33 586	-33 889
Utbytte	-19 325	-22 500	-19 046	-19 046	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	140 302	147 120	142 725	142 711	149 999	162 418	175 840	177 631
Avdrag på lån	121 345	124 560	125 816	125 816	114 965	124 084	137 764	140 980
Netto finansutgifter	211 384	213 429	218 481	218 467	214 035	235 334	264 518	269 222
Motpost avskrivningar	-132 725	-139 084	-137 480	-137 480	-136 764	-136 764	-136 764	-136 764
Netto driftsresultat	-6 241	-3 983	12 254	13 848	-50 814	6 889	-13 722	43 807
Disponering eller dekning av netto driftsresultat								
Overføring til investering	0	0	0	0	5 300	5 600	5 900	6 200
Avsetningar til bundne driftsfond	14 308	8 568	6 500	5 800	6 047	2 709	870	2 511
Bruk av bundne driftsfond	-4 970	-1 217	-1 922	-2 815	-1 922	-4 662	-5 284	-8 873
Avsetningar til disposisjonsfond	7 216	4 595	3 852	3 852	41 389	0	12 236	0
Bruk av disposisjonsfond	-10 312	-7 963	-20 684	-20 684	0	-10 536	0	-43 645
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapa	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 241	3 983	-12 254	-13 848	50 814	-6 889	13 722	-43 807
Framført til	0	0	0	0	0	0	0	0

inndekning i seinare år (meirforbruk)								
---------------------------------------	--	--	--	--	--	--	--	--

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Politisk leiding	9 996	8 740	9 798	9 798	9 517	10 317	8 517	9 217
Sentraladministrasjon	85 888	81 574	90 471	90 471	93 455	93 297	92 297	92 297
Felles diverse (Premieavvik)	-57 045	-34 524	59 897	59 897	19 232	19 232	19 232	19 232
Barnehage	186 470	181 740	191 007	191 007	202 539	199 995	197 205	200 516
Grunnskule	377 073	353 661	365 700	365 700	364 403	352 827	342 906	336 505
Kommunehelse	84 760	83 031	90 315	90 315	98 853	97 971	96 866	95 704
Pleie og omsorg	526 173	490 546	499 166	499 466	524 930	526 805	534 723	534 723
Barnevern	66 401	64 473	64 367	64 367	64 203	62 027	60 086	58 069
Sosialteneste	33 177	31 823	29 718	29 418	34 526	33 946	33 809	33 472
Kultur, fritid og kyrkje	53 967	50 076	51 611	51 611	50 967	48 952	48 827	48 827
Plan, byggesak og miljø	21 926	16 401	17 489	17 489	19 539	19 569	19 569	19 569
Næring og samferdsle	42 817	27 955	32 493	32 493	32 982	31 957	31 432	30 932
Bustad	11 117	2 522	8 221	8 221	2 861	-1 645	-3 252	-3 407
Brann- og ulukkesvern	36 948	28 832	29 655	29 655	30 895	30 895	30 031	30 031
Vatn, avløp og renovasjon	-36 578	-30 499	-35 466	-35 466	-43 332	-47 288	-50 706	-54 787
Finans (Reservert løyving)	-18 345	113 664	-5 350	-5 350	48 916	54 918	57 918	71 918
Sum løyvingar drift, netto	1 424 745	1 470 016	1 499 093	1 499 093	1 554 487	1 533 776	1 519 461	1 522 819
Av dette:								
Avskrivinger	132 725	139 084	137 480	137 480	136 764	136 764	136 764	136 764
Netto renteutgifter og -inntekter	5 851	2 936	5 283	5 269	4 295	2 289	682	527
Avdrag på lån	0	80	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	13 135	8 568	6 500	5 800	6 047	2 709	870	2 511
Bruk av bundne driftsfond	-4 970	-1 217	-1 922	-2 815	-1 922	-4 662	-5 284	-8 873
Avsetninger til disposisjonsfond	0	4 595	3 852	3 852	359	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0	0

Korrigert sum løyvingar drift, netto	1 278 004	1 315 970	1 347 901	1 349 508	1 408 944	1 396 676	1 386 429	1 391 890
--------------------------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Kinn kommunestyre vel 4 faste medlemmar, 4 varamedlemmar, samt leiar og nestleiar for styret.

For at kravet til kjønnsbalanse i styret skal oppfyllest, må det veljast to kvinnelege og to mannlege representantar både blant dei faste medlemmane og varamedlemmane.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova kapittel 9](#)

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Avtaleval, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Leiar: Bjarne Holme (FrP)

Nestleiar: Gustav Johan Nydal (KrF)

Styremedlem: Karianne Torvanger (AP)

Styremedlem: Siri Sunde (H)

1. varamedlem: Marie Kronen Tveranger (R)

2. varamedlem: Heidi Rønhovde (SV)

3. varamedlem: Tor-Åge Gravdal (AP)


Sak utsett grunna tid.

KOST- 138/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedlegg i saken:

Vedtekter Kinn utdannings- og ressurscenter KF - vedteke 22.01.2020 (K-sak 005/20)



Saksnr.	Utval	Møtedato
139/25	Kommunestyret	16.12.2025
	Kommunestyret	

Søknad om fritak frå Kinn eldreråd / suppleringsval - Asbjørn Våge

KOST- 139/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret gir Asbjørn Våge fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.
2. Toril Granheim vert valt som fast medlem i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.
3. Dagrun Paris vert valt som varamedlem i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.

Bakgrunn for saka:

Asbjørn Våge har søkt om fritak frå sitt verv i Kinn eldreråd frå 01.01.2026 og ut valperioden.

Saksopplysningar:

Asbjørn Våge har i e-post datert 04.12.2025, søkt om fritak frå sitt verv som leiar i Kinn eldreråd grunna personlege årsaker. Han har tidlegare fått innvilga midlertidig fritak i perioden 13.03.2025 - 31.12.2025, og søker no fritak ut resten av valperioden. Ordførar, varaordførar og kommunedirektør er kjend med innhaldet i søknaden. Sjølve søknaden er unnateke offentlegheita, jf. offl. §13 1.ledd.

Asbjørn Våge er leiar i Kinn eldreråd og er eldrerådet sin observatør i oppvekst- og kulturutvalet.

Reglane om fritak frå verv som folkevald går fram av kommunelova.

Kommunelova § 7-9 2. ledd:

"Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt."

I førearbeidet til utarbeiding av kommunelova, proposisjon til Stortinget - Prop. 46 L (2017-2018) s. 363 er dette nærare utdjupa:

“Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe.”

Det er kommunestyret som avgjør søknadar om fritak frå politiske verv. Dersom kommunestyret vel å innvilge søknaden, skal det veljast eit nytt medlem til Kinn eldreråd ut valperioden, jf. kommunelova § 7-10.

Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som det fråtredde medlemmet tilhøyre. Viss det vil føre til at eitt kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmane i organet, skal det, viss det er mogleg, veljast eit nytt medlem frå det underrepresenterte kjønnnet.

Vurderingar:

Ordførar har vurdert at saka skal leggst fram i ope møte, men utan sjølv søknaden, då den inneheld personsensitive opplysningar som er unnateke offentlegheita, jf. offl. §13 1. ledd. Varaordførar og kommunedirektør er kjend med innhaldet i søknaden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om fritak, er i tråd med kommunelova § 7-9 2. ledd. Grunnen oppgitt i fritakssøknaden, tilseier at Våge bør innvilgast fritak ut valperioden.

Dersom kommunestyret vel å innvilge søknaden om fritak, skal det veljast eit nytt fast medlem i Kinn eldreråd. Medlemmet skal veljast frå den same gruppa som Våge tilhøyrer, Vågsøy pensjonistlag, jf. kommunelova § 7-11. Vågsøy pensjonistlag foreslår at Toril Granheim rykker opp frå varamedlem til fast medlem. Så foreslår dei Dagrun Paris som varamedlem i same periode. Granheim og Paris har også vore settemedlem og settevaramedlem i Våge sitt midlertidige fritak.

Kommunelova presiserer at dersom det er mogleg, skal det veljast nytt medlem frå det underrepresenterte kjønnnet. Ved å velje inn to kvinner, vil det føre til at det mannlege kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmane i organet, men det har ikkje vore mogleg å finne mannlege kandidatar frå same gruppe.

Kommunestyret avgjør søknaden om fritak, og ved innvilga fritak, vel kommunestyret medlem til eldrerådet.

Eldrerådet vel sjølv leiar og ny observatør til oppvekst- og kulturutvalet i sitt neste møte.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:


[Kommunelova § 7-9, § 7-10 og § 7-11](#)
[Stortinget - Prop. 46 L \(2017-2018\)](#)

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 139/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
140/25	Kommunestyret	16.12.2025
	Kommunestyret	

Suppleringsval plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt

KOST- 140/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt varamedlem for FrP i plan- og miljøutvalet vert:
2. Nytt varamedlem for FrP i oppvekst- og kulturutvalet vert:
3. Nytt varamedlem for FrP i klagenemnda vert:
4. Nytt fast medlem for FrP i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert:

Bakgrunn for saka:

Representant Unni Giil (FrP) fekk i K-møte 23.10.2025 innvilga sin søknad om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune. Ho må erstattast i sine verv.

Saksopplysningar:

Kommunestyret innvilga repr. Giil (FrP) sin søknad om fritak frå politiske verv i K-sak 115/25 i møte 23.10.2025.

Repr. Giil har hatt følgjande politiske verv i Kinn kommune:

Utval	Rolle
Kommunestyret	Varamedlem

Plan- og miljøutvalet	Varamedlem
Oppvekst- og kulturutvalet	Varamedlem
Klagenemnda	Varamedlem
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	Fast medlem

Repr. Giil må erstattast i sine verv på følgjande måte:

Kommunestyret

Opprykk skjer etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023, jf. kommunelova § 7-10 2. ledd. Nytt 8. varamedlem for FrP i kommunestyret vert Rolf Grønnevik.

Plan- og miljøutvalet, Oppvekst- og kulturutvalet og Klagenemnda

Det må veljast eit nytt kvinneleg varamedlem frå FrP. Det nye varamedlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Det nye varamedlemmet rykker inn på den ledige plassen, jf. kommunelova § 7-10 6. ledd.

Overtakstnemnd for eigedomsskatt

Det må veljast eit nytt fast kvinneleg medlem frå FrP. Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Medlemmer av formannskapet kan ikkje veljast som medlem av nemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Vurderingar:

Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk frå kommunestyrevalet i 2023. FrP innstiller representantar til å erstatte Unni Gill i hennar verv i plan- og miljøutvalet, oppvekst- og kulturutvalet, klagenemnda og overtakstnemnd for eigedomsskatt. Kommunestyret vel dei føreslegne kandidatane dersom dei lovbestemte vilkåra er oppfylt.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:


[Kommunelova § 7](#)

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 140/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
141/25	Kommunestyret	16.12.2025

Høyringsvar - Best mogleg transportsystem langs kysten

KOST- 141/25 Vedtak:

Kinn kommune har følgjande innspel til høyringa om eit best mogleg transportsystem langs kysten:

Transportbehov og tilbod:

- Kystruten er ein viktig del av infrastrukturen langs norskekysten, og sikrar busetting, aktivitet og sjøsikkerheit langs hile kysten. Den er eit viktig element i Norges samla transport- og logistikkstruktur.
- Det er avgjerande at statleg kjøp og krav sikrar anløp også i dei små hamnene.
- Kinn kommune forventar at anløpa i Florø og Måløy blir opprettholdt som i dag.
- Særleg kaia i Måløy har svært kort avstand frå hovudleia, og er derfor eit effektivt anløp. Florø har også kort veg til leia.
- I høve beredskapen er det ein fordel at det alltid er ei kystrute innan rekkevidde, i tilfelle hending til sjøs eller på land.

Gods og logistikk:

- Det er viktig å tilby frakt av gods på heile strekninga til kystruten Bergen – Kirkenes. Transport av gods mellom nord og sør er avgjerande for det lokale næringslivet. Kystrutene har ei viktig rolle for frakt av gods til og frå hamnene Florø og Måløy.
- Ei eiga godsrute Bergen – Kirkenes med daglege anløp vil vere eit godt alternativ for næringslivet. Vilkåret må då vere liggetid over 20 minutt.
- Regularitet og føreseielegheit er viktig for godstransporten. Koronapandemien viste at når kystrutene var innstilt, gikk mykje gods over til biltransport.
- Kapasitet på godshandtering og bilfrakt må vidareførast som i dag.
- Det må vere lang nok landligge til å gjennomføre laste- og losseoperasjonar slik at båtane ikkje går ifrå last. Pr i dag er det for kort liggetid til å kunne laste/losse ein heil trailerlast, og dette får konsekvensar for vidare logistikk.

Ruteplan og lokale reisande:

- Særleg nordover frå Florø/Måløy, der det ikkje finst alternativ persontransport, er det eit potensiale for persontransport.
- Anløp på dagtid vil vere positivt for destinasjonane Florø og Måløy. Særleg på nordgåande er anløpet i Florø kl 02:45 lite gunstig for persontransport.
- Ved realisering av Stad skipstunnel vil det opne seg ei moglegheit for persontransport ved bruk av hurtigbåt nordover. Men dette vil ikkje dekke

godsbehovet slik kyststruten gjør.

Geografisk og sesongvis prioritering:

- Kyststruten har ein viktig funksjon for lokalbefolkninga også sør for Bodø. Særleg for framføring av gods mellom sør og nord. Tilbodet må vere til stades heile året.

Turisme og ringverknader:

- For transport inn og ut til Måløy og Florø har kyststruten ein funksjon både for reiseliv og persontransport. Saman med hurtigbåtane langs kysten utgjør kyststruten eit samla tilbod til sjøs. Det er derfor viktig å ha eit heilårleg tilbod.

Klima og miljø:

- Utviklinga av framtidens kyststrute må sjåast i samanheng med etableringa av grønne maritime korridorar og ei koordinert utbygging av energiinfrastruktur som mogleggjer reell overgang til nullutslepp.
- Kyststruten må tilretteleggast for både landstraum, batteriladning og nullutsleppsdrivstoff.
- Energiløysingar og infrastruktur må vere tilgjengelege for fleire typar fartøy og for landbasert logistikk.
- Rutetabellane må tilpassast framtidens nullutsleppsløysingar slik at lading og bunkring kan gjennomførast utan å redusere regularitet og driftssikkerheit. Det må derfor vere lang nok liggetid i hamnene.
- Måløy er siste hamna før Stadhavet, og vil ha ein viktig funksjon i høve å toppe ladekapasitet eller bunkring før det krevande havstykket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune har følgjande innspel til høyringa om eit best mogleg transportsystem langs kysten:

Transportbehov og tilbod:

- Kyststruten er ein viktig del av infrastrukturen langs norskekysten, og sikrar busetting, aktivitet og sjøsikkerheit langs hile kysten. Den er eit viktig element i Norges samla transport- og logistikkstruktur.
- Det er avgjerande at statleg kjøp og krav sikrar anløp også i dei små hamnene.
- Kinn kommune forventar at anløpa i Florø og Måløy blir opprettholdt som i dag.
- Særleg kaia i Måløy har svært kort avstand frå hovudleia, og er derfor eit effektivt anløp. Florø har også kort veg til leia.
- I høve beredskapen er det ein fordel at det alltid er ei kyststrute innan rekkevidde, i tilfelle hending til sjøs eller på land.

Gods og logistikk:

- Det er viktig å tilby frakt av gods på heile strekninga til kyststruten Bergen – Kirkenes. Transport av gods mellom nord og sør er avgjerande for det lokale næringslivet. Kystrutene har ei viktig rolle for frakt av gods til og frå hamnene Florø og Måløy.
- Ei eiga godsrute Bergen – Kirkenes med daglege anløp vil vere eit godt alternativ for næringslivet. Vilåret må då vere liggetid over 20 minutt.
- Regularitet og føreseielegheit er viktig for godstransporten. Koronapandemien viste at når kystrutene var innstilt, gikk mykje gods over til biltransport.
- Kapasitet på godshandtering og bilfrakt må vidareførast som i dag.
- Det må vere lang nok landligge til å gjennomføre laste- og losseoperasjonar slik

at båtane ikkje går ifrå last. Pr i dag er det for kort liggetid til å kunne laste/losse ein heil trailerlast, og dette får konsekvensar for vidare logistikk.

Ruteplan og lokale reisande:

- Særleg nordover frå Florø/Måløy, der det ikkje finst alternativ persontransport, er det eit potensiale for persontransport.
- Anløp på dagtid vil vere positivt for destinasjonane Florø og Måløy. Særleg på nordgåande er anløpet i Florø kl 02:45 lite gunstig for persontransport.
- Ved realisering av Stad skipstunnel vil det opne seg ei moglegheit for persontransport ved bruk av hurtigbåt nordover. Men dette vil ikkje dekke godsbehovet slik kystruten gjer.

Geografisk og sesongvis prioritering:

- Kystruten har ein viktig funksjon for lokalbefolkninga også sør for Bodø. Særleg for framføring av gods mellom sør og nord. Tilbodet må vere til stades heile året.

Turisme og ringverknader:

- For transport inn og ut til Måløy og Florø har kystruten ein funksjon både for reiseliv og persontransport. Saman med hurtigbåtane langs kysten utgjer kystruten eit samla tilbod til sjøs. Det er derfor viktig å ha eit heilårleg tilbod.

Klima og miljø:

- Utviklinga av framtidens kystrute må sjåast i samanheng med etableringa av grønne maritime korridorar og ei koordinert utbygging av energiinfrastruktur som mogleggjer reell overgang til nullutslepp.
- Kystruten må tilretteleggast for både landstraum, batteriladning og nullutsleppsdrivstoff.
- Energiløysingar og infrastruktur må vere tilgjengelege for fleire typar fartøy og for landbasert logistikk.
- Rutetabellane må tilpassast framtidens nullutsleppsløysingar slik at lading og bunkring kan gjennomførast utan å redusere regularitet og driftssikkerheit. Det må derfor vere lang nok liggetid i hamnene.
- Måløy er siste hamna før Stadhavet, og vil ha ein viktig funksjon i høve å toppe ladekapasitet eller bunkring før det krevande havstykket.

Bakgrunn for saka:

Oslo Economics har på oppdrag frå Samferdsledepartementet utgreidd enkelte problemstillingar knytt til framtidens kysttransportsystem. Utgreiinga har sett på ulike alternativ for korleis kysttransporttilbodet kan sjå ut etter 2030, kva miljøkonsekvensar dagens kystrutetilbod har, og potensiale for ytterlegare skjerping av miljøkrava. Departementet inviterer no alle relevante aktørar, organisasjonar og enkeltpersonar til å gje innspel til utgreiinga. Frist for innspel er 13.01.2026. På grunn av tidspunktet for fristen og behovet for å involvere mange aktørar i utarbeidinga av framlegget, går saka direkte til kommunestyret.

Nordfjord Havn IKS og Florø hamn KF har også fått invitasjon til høyringa, og vil sende høyringssvar, også via prosess i Norske Havner.

Saksopplysningar:

Staten kjøper i dag sjøtransporttenester mellom Bergen og Kirkenes, med daglege anløp i 34 hamner heile året. Hensikta er å sikre eit tilfredsstillande transporttilbod for passasjerar som reiser lokalt eller regionalt frå hamn til hamn, og godstransport mellom Tromsø og Kirkenes.

Regjeringa starta utgreiingsarbeidet i 2024, og gjennomførte då ei opa høyring for å innhente informasjon, vurderingar og prioriteringar frå alle som ønska og hadde innspel til korleis kystrutetenesta kan bli best mogleg. Departementet mottok mange nyttige og gode innspel som har inngått i utgreiinga. No ønsker departementet innspel til rapporten.

Hurtigruten har utarbeidd eit notat som dei har sendt til hamnene. Dei oppmodar om å sende inn høyringssvar, og notatet inneheld vurderingar frå Hurtigruten. Notatet ligg ved saka.

Rapporten til Oslo Economics seier at det er særleg lokale distansepassasjerar (reisande over eitt til to stopp) nord for Bodø som har det største behovet for kystruta, og som dermed har størst nytte av dagens tilbod. Rapporten hevdar at sør for Bodø er det lite som tyder på at kystruta er sentral for å dekke persontransportbehov. Dette fordi det finst konkurrerande kollektivtransportforbindelsar.

For at Norge skal nå klimamåla som er sett, må utslepp i alle sektorar reduserast betydeleg framover, inkludert i sjøfarten. Det er mogleg å stille strengare krav til utslepp i eit framtidig kjøp av kystruta, men både elektrifisering, omlegging til bruk av grønt hydrogen eller andre nullutsleppsdrivstoff vil innebere betydelege meirkostnader, og vil truleg innebere at det må byggast nye skip som i eit livsløpsperspektiv også vil skape utslepp. Hurtigruten har iverksett omfattande tekniske oppgraderingar av sine skip, inkludert installasjon av hybridmotorar og batteripakkar på fleire skip, noko som vil redusere drivstofforbruket med 20-15 prosent. Dei vurderer også å ta i bruk biodrivstoff og metanol på eksisterande skip. Havila opererer allereie med LNG og batteri og vurderer overgang til biogass eller hydrogen.

Dagens avtale om sjøtransporttenesta kystruten gjeld frå 2021 til 2030. Tilbodet krev 11 skip for å dekke krava til drift. Konkurransen opna for at fleire operatørar kunne betjene ruta ved å dele kontrakten. Det blei inngått avtale med Hurtigruten AS og Havila Kystruten AS om kjøp av sjøtransporttenester heile året. Tenesta kostar i dag staten om lag 1,2 milliardar kroner årleg. Hurtigruten driftar ruta med sju skip, medan Havila driftar ruta med fire skip. Fram til 2021 var Hurtigruten einaste operatør. Alle skipa til Havila er nye. Både Hurtigruten og Havila driftar kystruta med større fartøy enn kapasitetskrava som inngår i det statlege kjøpet.

Kystrutene har kun plikt til å frakte gods mellom Tromsø og Kirkenes. Men begge operatørane tilbyr godstransport langs heile strekninga Bergen – Kirkenes. Kartlegginga avdekkar at det er eit betydeleg behov for godstransport langs kysten på strekninga mellom Bergen og Kirkenes. Det blir påpeika at langs vestlandskysten er det mindre hamner med begrensa transportalternativ utanom sjøvegen, og at vegtransporten er prega av dårleg framkomelegheit. Transport til og frå Bergen er viktig for næringslivet i denne regionen.

Pr. i dag har Florø og Måløy anløp av kystruten. Nordgåande rute anløper Florø kl 02:45 og reiser kl 03:00. Den same ruta anløper Måløy kl 05:15 og reiser kl 05:30. Sørgåande anløper Måløy kl 05:45 og reiser kl 06:00. Denne anløper Florø kl 08:15 og reiser kl 08:30.

Vurderingar:

Kystruten er ein viktig del av infrastrukturen langs norskekysten, og sikrar busetting, aktivitet og sjøsikkerheit langs hile kysten.

Det er avgjerande at statleg kjøp og krav sikrar anløp også i dei små hamnene.

Oslo Economics har skissert fem ulike alternativ for framtidig organisering av kystruten:

1. Mindre justeringar i dagens ruteplan
2. Styrka person- og godstilbud
3. Halvering av tal anløp
4. Anløp kun mellom Bodø og Kirkenes
5. Einerett utan statleg vederlag
6. Inga statleg kjøpsordning

Figur 6-1: Alternativer

ALTERNATIV 1	ALTERNATIV 2	ALTERNATIV 3	ALTERNATIV 4	ALTERNATIV 5	ALTERNATIV 6
MINDRE JUSTERINGAR I RUTEPLAN	STYRKET PERSON- OG GODSTILBUD	HALVERING AV ANLØP	ANLØP MELLOM BODØ OG KIRKENES	TILDELE ENERETT UTEN VEDERLAG	IKKE STATLIG KJØP
• Sommer/vinterrute • Signalanløp • Kutte anløp ved havner med lavt transportbehov • Videreføre miljøkravene i dagens avtale	• Krav om flere ankomster/avganger på dagtid • Krav om biltransport på alle skip • Lastekapasitet skal være omformbar mellom tørr og kjøll • Økt lastekapasitet • Utvidet kravområde for godstransport • Videreføre miljøkravene i dagens avtale	• Kun krav om å seile annenhver dag • Reduksjon i antall skip, fra 11 til 6 • Videreføre miljøkravene i dagens avtale	• Kun krav om anløp mellom Bodø og Kirkenes • Reduksjon i antall skip fra 11 til 6 • Videreføre miljøkravene i dagens avtale	• Hele eller deler av kystruteleia lyses ut som en tjenestekonsesjon med enerett uten vederlag • Rederiene konkurrerer om kvalitet på tjenesten i form av avganger, anløp, kapasitet, billettpriser, service, miljø osv.	• Rederier som ønsker, tilbyr et kystrutetilbud ut fra bedriftsøkonomiske lønnsomhetsbetraktninger • Rederiene er underlagt generelle lover og regler om sjøsikkerhet, klima og miljø mv. • Staten griper ikke inn i markedet

Skjermbilde av figur 6-1, side 56 i rapporten.

Alternativ 1 inneber ingen større endringar i ruteplan, tal skip, utforming av skipa, infrastruktur, krav til maksimale utslepp eller andre kravsspesifikasjonar. Samtidig inneber alternativet at det kan kuttast anløp i hamner med lavt transportbehov og lave trafikktalet per innbyggjar. Her er både Måløy og Florø nemnt. Argumentet for kutt er å spare tid, og dermed gje eit betre tilbod i andre hamner. Rapporten peikar på at fjerning av hamner kan få negative følgjer for inntektene til hamnene på små stader, og vere negativt for næringslivet i området.

Alternativ 2 inneber ei omlegging til fleire anløp på dagtid, liggetid på minimum 20 minutt, krav om biltransport på alle skip, auka lastekapasitet og krav til frakt av gods på heile kystruta. Både Florø og Måløy har mindre enn 20 minutt liggetid i ei eller begge retningar.

Rapporten viser eit stort behov for godstransport langs kysten. Det er derfor viktig å tilby frakt av gods på heile strekninga til kystruten Bergen – Kirkenes.

Alternativ 3, halvering av anløp ved å segle annankvar dag, vil gje eit vesentleg dårlegare tilbod for våre hamner og kystruten samla.

Alternativ 4 inneber at kystruten kun skal segle hamnene mellom Bodø og Kirkenes, og vil dermed føre til bortfall av kystruten i vårt område.

Alternativ 5 inneber at kystruteavtalen blir innretta som ein rein tenestekonsesjonskontrakt der drifta blir utført mot ein einerett om å drifte ruta. Rederiet eller rederia er då beskytta mot konkurranse på same ruta i avtaleperioden, men utan vederlag. Rapporten konkluderer med at alternativet vil gje redusert nytte for distansepassasjerar, og at tilbodet om godstransport vil falle bort heilt.

I alternativ 6 kjøper ikkje staten noko kystruteteneste slik dei gjer i dag. Staten grip dermed ikkje inn i marknaden. Det er då truleg at kun anløpa med høgast etterspurnad blir betjent, kanskje ca. ti hamner. Prisane vil også bli høgare.

Rapporten omtaler også moglege kompensierende tiltak for å motvirke dei negative effektane av dei ulike alternativa. Dette kan vere hurtigbåtruter eller bussruter for persontransport, bestillingstransport eller drosjetenester, og reine fraktruter for godstransport til sjøs mellom Tromsø og Kirkenes.

Eit siste kapittel i rapporten omhandlar strengare krav til klimagassutslepp. Det er behov for å redusere klimautsleppa i sjøfarten. Dette kan skje gjennom elektrifisering, ombygging av eksisterande skip eller bygge nye skip. Samtlege berørte aktørar og interessentar er positive til at det vert stilt strengare krav til klimagassutslepp i neste kontraksperiode.

Florø Hamn KF og Nordfjord Havn IKS har bidrege med innspel i saka. Næringsorganisasjonane Måløy Vekst, Aksello, Flora Industri- og Næringsforening og Hub for Ocean er invitert til å kome med innspel. Særleg har Hub for Ocean / Ocean Hyway Cluster kome med innspel knytt til klima og miljø.

Innstillinga er bygd opp slik at ein viser til dei ulike tema i høyringsbrevet.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 141/25 Vedtak:

Kinn kommune har følgjande innspel til høyringa om eit best mogleg transportsystem langs kysten:

Transportbehov og tilbod:

- Kystruten er ein viktig del av infrastrukturen langs norskekysten, og sikrar busetting, aktivitet og sjøsikkerheit langs hile kysten. Den er eit viktig element i Norges samla transport- og logistikkstruktur.
- Det er avgjerande at statleg kjøp og krav sikrar anløp også i dei små hamnene.
- Kinn kommune forventar at anløpa i Florø og Måløy blir opprettholdt som i dag.
- Særleg kaia i Måløy har svært kort avstand frå hovudleia, og er derfor eit effektivt anløp. Florø har også kort veg til leia.
- I høve beredskapen er det ein fordel at det alltid er ei kystrute innan rekkevidde, i tilfelle hending til sjøs eller på land.

Gods og logistikk:

- Det er viktig å tilby frakt av gods på heile strekninga til kystruten Bergen – Kirkenes. Transport av gods mellom nord og sør er avgjerande for det lokale næringslivet. Kystrutene har ei viktig rolle for frakt av gods til og frå hamnene Florø og Måløy.
- Ei eiga godsrute Bergen – Kirkenes med daglege anløp vil vere eit godt alternativ for næringslivet. Vilkår må då vere liggetid over 20 minutt.
- Regularitet og føreseielegheit er viktig for godstransporten. Koronapandemien viste at når kystrutene var innstilt, gikk mykje gods over til biltransport.
- Kapasitet på godshandtering og bilfrakt må vidareførast som i dag.

- Det må vere lang nok landligge til å gjennomføre laste- og losseoperasjonar slik at båtane ikkje går ifrå last. Pr i dag er det for kort liggetid til å kunne laste/losse ein heil trailerlast, og dette får konsekvensar for vidare logistikk.

Ruteplan og lokale reisande:

- Særleg nordover frå Florø/Måløy, der det ikkje finst alternativ persontransport, er det eit potensiale for persontransport.
- Anløp på dagtid vil vere positivt for destinasjonane Florø og Måløy. Særleg på nordgåande er anløpet i Florø kl 02:45 lite gunstig for persontransport.
- Ved realisering av Stad skipstunnel vil det opne seg ei moglegheit for persontransport ved bruk av hurtigbåt nordover. Men dette vil ikkje dekke godsbehovet slik kystruten gjer.

Geografisk og sesongvis prioritering:

- Kystruten har ein viktig funksjon for lokalbefolkninga også sør for Bodø. Særleg for framføring av gods mellom sør og nord. Tilbodet må vere til stades heile året.

Turisme og ringverknader:


- For transport inn og ut til Måløy og Florø har kystruten ein funksjon både for reiseliv og persontransport. Saman med hurtigbåtane langs kysten utgjer kystruten eit samla tilbod til sjøs. Det er derfor viktig å ha eit heilårleg tilbod.

Klima og miljø:

- Utviklinga av framtidens kystrute må sjåast i samanheng med etableringa av grønne maritime korridorar og ei koordinert utbygging av energiinfrastruktur som mogleggjer reell overgang til nullutslepp.
- Kystruten må tilretteleggast for både landstraum, batteriladning og nullutsleppsdrivstoff.
- Energiløysingar og infrastruktur må vere tilgjengelege for fleire typar fartøy og for landbasert logistikk.
- Rutetabellane må tilpassast framtidens nullutsleppsløysingar slik at lading og bunkring kan gjennomførast utan å redusere regularitet og driftssikkerheit. Det må derfor vere lang nok liggetid i hamnene.
- Måløy er siste hamna før Stadhavet, og vil ha ein viktig funksjon i høve å toppe ladekapasitet eller bunkring før det krevande havstykket.

Vedlegg i saken:

Høringsbrev om et best mulig transportsystem langs kysten
Transport- og miljøfaglig utredning om kystruten
Notat Fremtidens kystrute_Hurtigruten 2025_havner (1)



Saksnr.	Utval	Møtedato
121/25	Formannskapet	06.11.2025
142/25	Kommunestyret	16.12.2025

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap, ny versjon

KOST- 142/25 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Beredskapsstyret for Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) etter tidlegare kommunelov § 27, blir med dette avvikla.
3. Kinn kommune vel ordførar til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.
4. Det skal ikkje hentast inn kontingent frå kommunane for driftsåra 2025, 2026 og 2027. Etter dette skal styret avgjere behov for å fremje krav om tilskot frå medlemskommunane.
5. Ordninga skal evaluerast innan to år etter at avtalen trer i kraft. Følgjande justeringar skal takast med:
Punkt 8. stemmelikskap: det må stå møteleiar istadenfor styreleiar.
Punkt 9 og 10 er ikkje nødvendig å ha med i forskrifta.
Gjeldande frå 01.01.2026.
Val av vara til representantskapet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.11.2025

1. Kinn kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Beredskapsstyret for Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) etter tidlegare kommunelov § 27, blir med dette avvikla.
3. Kinn kommune vel _____ til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.
4. Det skal ikkje hentast inn kontingent frå kommunane for driftsåra 2025, 2026 og 2027. Etter dette skal styret avgjere behov for å fremje krav om tilskot frå medlemskommunane.
5. Ordninga skal evaluerast innan to år etter at avtalen trer i kraft. Følgjande justeringar skal takast med:
Punkt 8. stemmelikskap: det må stå møteleiar istadenfor styreleiar.
Punkt 9 og 10 er ikkje nødvendig å ha med i forskrifta.
Gjeldande frå 01.01.2026.
Val av vara til representantskapet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Beredskapsstyret for Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) etter tidlegare kommunelov § 27, blir med dette avvikla.
3. Kinn kommune vel _____ til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.
4. Det skal ikkje hentast inn kontingent frå kommunane for driftsåra 2025, 2026 og 2027. Etter dette skal styret avgjere behov for å fremje krav om tilskot frå medlemskommunane.
5. Ordninga skal evaluerast innan to år etter at avtalen trer i kraft.

Bakgrunn for saka:

Det følger av § 7 i *forskrift 4. januar 2022 nr. 10 om kommunal beredskap mot akutt forurensning* at alle kommunar skal delta i interkommunalt samarbeid mot akutt forureining.

Det interkommunale samarbeidet skal opprettast i høve lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 19 eller lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap (IKS-loven).

IUA Nordfjord har vore drifta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Fristen for omdanning til en lovleg samarbeidsform (kommunalt oppgåvefellesskap eller interkommunalt selskap) er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, noko som skulle vore gjort hausten 2023.

Kinn kommune laga eit framlegg til behandling i mars 2025, men dette vart utsett i påvente av vidare dialog og avklaring med dei andre kommunane (FORM 055/25).

Etter dette har administrasjonen vore i dialog med dei andre kommunane, og eit omforent framlegg til avtale er utarbeidd.

Saksopplysningar:

Utvalet i IUA Nordfjord gjorde følgande vedtak 23.10.2023:

Sak 01/23 Organisering Nordfjord IUA

Utvalet i Nordfjord IUA ønsker å behalde struktur så lik det eksisterande som mogleg. Eit samla Utval innstiller på å organisere Nordfjord IUA som eit KOF når paragraf 27 samarbeidet blir avslutta i år. Med etablering av eit KOF vil Nordfjord IUA gjennomgå ei mindre teknisk endring ut frå det eksisterande paragraf 27 samarbeidet.

IUA Nordfjord region KO dekker følgande kommunar:

- Bremanger
- Gloppen
- Kinn nordre del (gamle Vågsøy)
- Stad
- Stryn

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefellesskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefellesskapet.

Samarbeidsavtalen skal som eit minimum fastsetje:

- a) namn på oppgåvefellesskapet
- b) om oppgåvefellesskapet er eige rettssubjekt
- c) kor mange medlemmer den enkelte deltakaren skal ha i representantskapet
- d) kva oppgåver og kva mynde som er lagt til oppgåvefellesskapet
- e) deltakarane si plikt til innskot og plikt til å yte andre bidrag til oppgåvefellesskapet
- f) den enkelte deltakaren sin eigarandelen i oppgåvefellesskapet og ansvarsandel for

felleskapet sine forpliktingar dersom ansvarsandelen avviker frå eigarandelen
g) om oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å ta opp lån
h) kva oppgåvefellesskapet skal rapportere til deltakarane om
i) korleis deltakarane kan tre ut av oppgåvefellesskapet
j) korleis oppgåvefellesskapet skal oppløysast, blant annet kven som skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapet sine arkiv blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet er oppløyst.

Vedlagt følgjer ny versjon av samarbeidsavtale for IUA Nordfjord region KO. Under utarbeidinga av den opphavslege samarbeidsavtalen har sekretariatet innhenta erfaringar frå andre IUA og ein del øvrige samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefellesskap. KS Advokatene og Kystverket gav råd, mellom anna for å sikre at samarbeidsavtalen tek tilstrekkeleg omsyn til skilnaden i storleik på deltakarkommunane våre.

Leiar og nestleiar i Nordfjord IUA fekk det opphavslege framlegget til samarbeidsavtale til uttale og melde tilbake sine innspel. Etter dette har administrasjonane i deltakarkommunane utarbeidd eit justert framlegg.

Det blir samtidig bede om at kommunane vel representant og vararepresentant til representantskapet i IUA Nordfjord region KO, etter samarbeidsavtalen punkt 7. Kinn kommune skal velje ein representant til representantskapet. Vedlagt vedtektene for Nordfjord IUA, frå 1997.

Økonomi:

Pr 2024 har IUA Nordfjord kr 2 523 709 i bundne driftsfond. Sjå vedlagt rekneskap for dei siste åra.

Styret i IUA Nordfjord region KO vil utarbeide budsjett. Forventa utgiftspostar i budsjettet vil vere:

- Årlege øvingar. Dette er pålagt av Kystverket.
- Innkjøp av utstyr. Pga etterslep må ein forvente at denne posten er relativt stor dei første åra.
- Årlege samlingar i regi av Kystverket og NOFO, pålagt.

Tidlegare er det i Nordfjord brukt ein del midlar til kurs/konferanse m.m. I ein restart av samarbeidet er det viktig å prioritere dei tre områda ovanfor.

I andre IUA samarbeid får dagleg leiar ei godtgjering, utover vanleg fast løn. Tidlegare i Nordfjord har denne vore i underkant av kr. 50 000 pr år. I Sogn var den på kr. 40 000 i 2024. I avtalen går det fram at godtgjering til dagleg leiar skal gå fram av budsjett og rekneskap. Konkret beløp må såleis fastsettast i første års budsjett, som i realiteten vil vere for budsjettåret 2026. Det bør leggjast til grunn at storleiken på godtgjeringa i fortsettinga er på same nivå.

Forventa årleg budsjett på mellom kr. 600 000 - 900 000. Forventa inntekt frå NOFO kr. 650 000 pr. år.

Sidan IUA Nordfjord har tilstrekkelege midlar på fond, er det ikkje naudsynt å krevje inn tilskot frå medlemskommunane for 2025, 2026 og 2027. I samarbeidsavtalen vedtek ein prinsippa for fordeling av tilskotet (punkt 11).

Vurderingar:

Endringane som er gjort i høve den første versjonen er:

- Punkt 5 Geografisk verkeområde: Endra formulering og presisering av nordre del av Vågsøy.
- Punkt 6 Organisering: Tillegg: «I tillegg skal brannsjefane i dei respektive kommunar inngå i eit samarbeidsråd for dagleg leiar.»
- Punkt 7 Representantskapet: Endring i fjerde avsnitt. Loddtrekning ved

stemmelikskap er endra til at møteleiar har dobbeltstemme.

- Punkt 8 Valkomité utgår sidan kommunane sjølve peikar ut medlemmer til styret og representantskapet. Punkta f.o.m. 8 har dermed fått nye siffer.
- Punkt 8 Styret: Fjerna i punktlista at leiar skal vere frå Kinn kommune
- Punkt 8 Styret: Personlege varamedlemmer er fjerna.
- Punkt 8 Styret: Endra formulering i andre avsnitt: «Styremedlemmene er kommunedirektør eller kommunalsjef i medlemskommunane. Styret vel selskapet sin styreleiar.»
- Punkt 9 Dagleg leiar: Nye punkt e-g og påfølgjande setning om involvering av brannsjefar.
- Punkt 10 Administrasjonskommune og sekretariat: Fjerna formulering om at administrasjonskommunen skal vere eit kompetansesenter for regionen.
- Punkt 11 Økonomi: Fastsetjing av fast beløp og grunntilskot er fjerna. Ny setning om at representantskapet fastset storleiken på beløpa frå 2028.

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Kommunane er bedne om å prioritere saka slik at kommunestyra kan fatte vedtak hausten 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Omdanninga av IUA Nordfjord region frå eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane. Som nemnt over, vil det ikkje vere naudsynt å krevje inn tilskot frå kommunane dei første åra.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Punkt 3, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

3. Kinn kommune vel ordførar til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 142/25 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap.
2. Beredskapsstyret for Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) etter tidlegare kommunelov § 27, blir med dette avvikla.
3. Kinn kommune vel ordførar til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.
4. Det skal ikkje hentast inn kontingent frå kommunane for driftsåra 2025, 2026 og 2027. Etter dette skal styret avgjere behov for å fremje krav om tilskot frå medlemskommunane.
5. Ordninga skal evaluerast innan to år etter at avtalen trer i kraft. Følgjande justeringar skal takast med:
Punkt 8. stemmelikskap: det må stå møteleiar istadenfor styreleiar.
Punkt 9 og 10 er ikkje nødvendig å ha med i forskrifta.
Gjeldande frå 01.01.2026.
Val av vara til representantskapet.

Behandling i Formannskapet 06.11.2025:

Kommentar frå Raudt v/repr. Henriksson:

Punkt 8. styret – stemmelikskap: det må stå møteleiar istadenfor styreleiar.

Kommunalsjef Sund kommenterer at kommunen har vore i dialog med dei andre Nordfjord-kommunane etter utsendinga av saka. Det har kome eit par endringar frå dei andre. Punkt 9 og 10 er ikkje nødvendig å ha med i forskrifta. Dei ønskjer at det skal stå frå 01.01.2026.

Ønskje om val av vara til representantskapet.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med justering ifht. innspel frå repr.


Henriksson og kommunalsjef Sund samrøystes vedteke.

FORM- 121/25 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap.
 2. Beredskapsstyret for Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) etter tidlegare kommunelov § 27, blir med dette avvikla.
 3. Kinn kommune vel _____ til medlem av representantskapet i IUA Nordfjord region KO.
 4. Det skal ikkje hentast inn kontingent frå kommunane for driftsåra 2025, 2026 og 2027. Etter dette skal styret avgjere behov for å fremje krav om tilskot frå medlemskommunane.
 5. Ordninga skal evaluerast innan to år etter at avtalen trer i kraft.
- Følgjande justeringar skal takast med:
Punkt 8. stemmelikskap: det må stå møteleiar istadenfor styreleiar.
Punkt 9 og 10 er ikkje nødvendig å ha med i forskrifta.
Gjeldande frå 01.01.2026.
Val av vara til representantskapet.

Vedlegg i saken:

Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining Nordfjord region kommunalt oppgåvefellesskap (NY pr oktober2025)
Regnskap 2022 Nordfjord IUA (20230315)
Regnskap 2023 Nordfjord IUA (20240305)
Regnskap 2024 Nordfjord IUA (20250222)
Nordfjord IUA - Vedtekter (1997)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
133/25	Formannskapet	27.11.2025
143/25	Kommunestyret	16.12.2025

Parkeringsordning Florø - avgift på fossilfrie biler sone 3

KOST- 143/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at det skal vere parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø.
2. Kommunestyret ber Florø Parkering AS om å iverksette vedtakspunkt 1 i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av gebyrsats.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

1. Kommunestyret vedtar at det skal vere parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø.
2. Kommunestyret ber Florø Parkering AS om å iverksette vedtakspunkt 1 i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av gebyrsats.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at det skal vere parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø.
2. Kommunestyret ber Florø Parkering AS om å iverksette vedtakspunkt 1 i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av gebyrsats.

Bakgrunn for saka:

Florø Parkering AS har bedt om endring i premissa for fastsetting av parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø. Fossilfrie biler er pr i dag fritatt for parkeringsavgift på kommunale parkeringsplasser i sone 3 i Florø.

I generalforsamlingen til Florø Parkering 8. mai 2025 ble det etterspurt sak på å legge avgift på fossilfrie biler i sone 3, med henvisning til vedtak fra nordre del av Kinn, der det nylig er blitt innført avgift på fossilfrie biler.

Saksopplysningar:

Florø Parkering AS vart oppretta i 2012 med formål å samordne offentleg og privat parkering til eit felles parkeringsregime i Florø.

Selskapet sitt formål er:

- a. Iverksette kommunen sin til eikvar tid vedtekne parkeringspolitikk og fungere som kommunens faglege instans innan parkeringsfaglege spørsmål.
- b. Planlegge og bygge ut offentleg parkeringsareal
- c. Leige av privat parkeringsareal til bruk som offentleg parkeringsareal
- d. Oppføre og drive parkeringsanlegg
- e. Delta i privat utbygging av parkeringsareal
- f. Drift av alt offentleg og anna parkeringsareal i kommunen

Kommunestyret vedtok i sak 010/21, i møte 18. februar 2021, å innføre parkeringsavgift for fossilfrie bilar i parkeringssone 1 og 2 i Florø. Samstundes vart det vedteke at slike bilar framleis skulle kunne parkere gratis på kommunale parkeringsplassar i sone 3.

Dette skiljet vart i si tid grunngitt med ønskje om å stimulere til klimavennleg transport og bruk av fossilfrie køyretøy. Grunneigarane til dei private parkeringsplassane i sone 3 som Florø Parkering driftar, var ikkje einig i dette vedtaket, og Florø Parkering har avgift på fossilfrie bilar på private parkeringsplassar i sone 3.

I dag er situasjonen endra. Antall fossilfrie bilar i Florø og Kinn kommune har auka kraftig dei siste åra, og elbilar er no ei dominerande gruppe blant parkerte køyretøy i sone 3. Dette har ført til utfordringar med kapasitetsutnytting, reduserte inntekter og mangel på parkeringsplassar.

Florø er delt inn i 3 soner slik:



Selv om fossilfrie bilar i stor grad vil bidra til å redusere klimagassutslipp, tar de likevel opp like stor plass i trafikken som fossilbilar. Det har derfor vært vurdert om det er grunn til å fortsette å gi fossilfrie bilar forrang i parkeringsbestemmelsene.

Parkeringsplassene som har gratis for fossilfrie bilar i sone 3 i Florø er:

- Parkeringsplassen bak Ungdomsskulen
- Parkeringsplassen ved Florø Omsorgssenter
- Parkeringsplassen i enden av Markegata v/Evja
- Hamregata

Parkeringsplasser (private grunneiere) som tar parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø er:

- Bil og Havneservice
- Kinnveien 4 (ved nedlagt butikk i Kinnvegen)

I sone 3 har private grunneiere valgt å ha avgift på sine parkeringsplasser. Private grunneiere står fritt til å bestemme dette selv. Men etter kommunestyrevedtaket i sak 010/21, i møte 18.02.2021 ble det vedtatt at det skulle være gratis for fossilfrie biler på kommunale parkeringsplasser i sone 3.

I sone 1 og 2 betaler fossilfrie biler parkeringsavgift som fossil bilar. Dette gjelder og på parkeringsplassene ved Sunnfjord medisinske senter og Amfi Florø som ikke Florø Parkering driftar.(Florø Parkering er innleid for kontroll på Amfi Florø)

Utfra observasjoner fra Florø Parkering ser man at antall fossilfrie biler som står parkert i Florø sentrum har økt betraktelig de siste årene, i sone 3 er ca 80% av parkerte biler er nå fossilfrie biler. Florø Parkering ser at inntektene går ned på disse områdene samtidig som fossilfrie biler overtar flere parkeringsplasser.

Florø Parkering har kostnadene til brøyting, strøing og kosting i tillegg til lønns og driftskostnader på 3 av de 4 parkeringsområdene (ikke vintervedlikehold i Hamregata) der fossilfrie bilar står gratis, og ser at er det utfordrende å få regnskapet i balanse på disse parkeringsplassene når den økende andelen fossilfrie biler parkerer gratis. I tillegg blir det færre parkeringsplasser ledig da disse bilene ikke har restriksjoner, og står lenger uten sirkulasjon, enn biler som betaler parkeringsavgift.

I forbindelse med at antall parkeringsplasser i sentrum har sunket de siste årene ser Florø Parkering behov for å frigjøre parkeringsplasser i sone 3, for å tilby disse til betalende kunder i sone 1 og 2.

Erfaring viser at når fossilfrie bilar må starte å betale for parkering vil endel velge å gå eller sykle istedenfor, og det blir frigitt parkeringsplasser.

Ved Florø Omsorgssenter finnes det parkeringsplasser både for ansatte og besøkende. Siden parkering er gratis for fossilfrie biler, velger mange turgåere og andre å parkere her i stedet for på parkeringsområdet i Kinnvegen 4 (ved den nedlagte butikken på andre siden av veien). Dette fører til at besøkende til Florø Omsorgssenter ofte opplever at det ikke er ledige plasser.

Forskriften om at fossilfrie biler maks skulle betale 50% i parkeringsavgift ble aldri innført. Det omtales som miljørabatt til fossilfrie biler. Nå ser man at normalen blir at kommunene gjør som de private parkeringsplassene, og tar full parkeringsavgift for fossilfrie biler. Nedenfor er oversikt over kommuner med full avgift og kommuner med redusert avgift (miljørabatt) på fossilfrie biler:

Kommunar som tar full avgift på el. bilar			Kommunar med miljørabatt til el.bilar
Alta	Harstad	Ullensaker	Bærum (gratis for elbiler)
Arendal	Haugesund	Voss	Drammen
Asker	Holmestrand	Ålesund	Elverum (gratis for elbiler)
Bergen	Horten	Narvik	Hamar
Bodø	Kinn	Nordre Follo	Lillesand (gratis for elbiler)
Drøbak	Kongsberg	Porsgrunn	Mandal (50 prosent ved bruk av app)
Egersund	Kongsvinger	Risør	Moss (sone 1 og 3 har 50 prosent miljørabatt, og sone 2 er gratis)
Fauske	Kragerø	Røros	Nesodden
Flekkefjord	Kristiansand	Sarpsborg	Oslo (30 prosent)
Fredrikstad	Kristiansund	Sogndal	Rana (gratis for elbiler)
Færder	Larvik	Steinkjer	Ringerike (50 prosent)
Førde	Levanger	Time	Sandefjord
Gjøvik	Lillehammer	Tromsø	Sandnes
Grimstad	Lillestrøm	Trondheim	Skien
Halden (gratis Sone 2 og 3)	Molde	Tvedestrand	Stavanger
Hammerfest	Namsos	Tønsberg	
Kilde: elbil.no			

Trenden i dag er at fossilfrie bilar betaler det same som andre bilar. Dette fordi:

- Fossilfrie bilar er blitt vanlege og utgjør ein stor del av den totale bilparken
- Dei har same behov for plass og vedlikehald
- Gratis parkering gir lite insentiv til å bruke andre, meir miljøvennlege reisemåtar (sykkel, gange, kollektiv)

Florø Parkering opplever en stor pågang mot parkeringsområdene i Florø. En møter bilister som ikke finner parkeringsplasser. Ved å legge avgift på fossilfrie biler i sone 3, vil noen velge å gå eller sykle til sentrum, andre vil finne seg andre parkeringsplasser utenfor sentrumskjernen. Dermed frigjør en parkeringsplasser i sone 3, og kan flytte biler fra sone 1 og 2 dit.

Ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) var 27,4 % av alle registrerte personbiler i Norge elbiler ved utgangen av 2024. Det betyr at det var 788 750 elektriske personbiler i landet, og for første gang var det nå flere elbiler enn bensinbiler i norsk bilpark. Norsk elbilforening viser at 91,2% av alle nybiler i Vestland nå er el. Biler.

Vurderingar:

Florø Parkering AS blei etablert i 2012 med mål om å samordne offentleg og privat parkering i Florø. Når kommunen tilbyr gratis parkering for fossilfrie kjøretøy, medan private aktørar fortsatt krev parkeringsavgift, oppstår det ein ubalanse. Dette undergraver målet om ei heilskapleg og koordinert parkeringsløyising for sone 3.

Kommunedirektøren vurderer at det er nødvendig å regulere parkering for fossilfrie biler i sone 3 i Florø, på same måte som andre kjøretøy. Fossilfrie bilar er blitt vanlige, de krev like mykje plass og vedlikehald og gratisparkeringen reduserer fort intensiv til å velje sykkel, gange eller kollektivtransport.

Kinn kommune og Florø Parkering AS samarbeider om å finne løysinger på kort og lang sikt for å betre parkeringssituasjonen i Florø.

Økonomiske og praktiske konsekvensar:

- Inntekter: Innføring av avgift på fossilfrie bilar i sone 3 vil styrke driftsgrunnlaget til Florø Parkering AS og bidra til å dekke vedlikehalds- og driftskostnader i sone 3.
- Tilgjenge: Sirkulasjonen i sentrum vil kunne auke, og fleire vil få tilgang til

parkeringsplass.

- Miljø: Nokre brukarar vil truleg velje alternative reisemåtar (sykkel, gange, kollektivtransport), noko som er i tråd med kommunen sine miljømål.
- Samordning: Endringa vil harmonisere offentleg og privat praksis i sone 3 og redusere forvirring.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Avvikling av parkeringsavgift i sone 3, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Kommunestyret vedtek å avvikle parkeringsavgift i sone 3.

Repr. Eikevik ønskjer sin habilitet vurdert, då ho er dagleg leiar for Florø parkering.

Kommunestyret vedtek samrøystes repr. Eikevik som inhabil etter forvaltningslova § 6 e.

Repr. Eikevik fråtrer i denne saka, ingen vara.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik falt med 14 røyster (9 FrP, 2 V v/Eliasson og Iversen, 2 SP v/Midtbø og Halsne, 1 UAH v/Hagen).

Innstilling frå formannskapet vedteke mot 2 røyster frå V v/Iversen og Eliasson.

KOST- 143/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at det skal vere parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø.
2. Kommunestyret ber Florø Parkering AS om å iverksette vedtakspunkt 1 i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av gebyrsats.


Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedteke mot ei røyst frå FrP v/Djuvik.

FORM- 133/25 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at det skal vere parkeringsavgift for fossilfrie biler i sone 3 i Florø.
2. Kommunestyret ber Florø Parkering AS om å iverksette vedtakspunkt 1 i tråd med selskapets formål og etablerte forvaltningsrutinar for fastsetting av gebyrsats.



Saksnr.	Utval	Møtedato
067/25	Plan- og miljøutvalet	19.11.2025
144/25	Kommunestyret	16.12.2025

Ny forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune

KOST- 144/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek ny «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune».

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 19.11.2025

Kommunestyret vedtek ny «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune».

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek ny «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune»

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren meiner det er riktig å gjere mindre justeringar i ein revisjon av forskrift «gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven – Kinn kommune» som vart vedtatt 1.1.2025. Årsaka er at det er behov for å justere tekst og varekoder på gebyr. Det er og forslag om å differensiere pris på førehandskonferanse samt mindre justeringar

Saksopplysningar:

Plan- og miljøutvalet vedtok 14.10.2025 å sende utkast til «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune» ut på offentlig høyring. Det har vore sendt ut til næringsorganisasjonar, lokalaviser og på heimesida til kommunen. Høyringsfrist var sett til 10 november 2025. Det har ikkje kome inn merknader til høyringa.

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at utkastet kan godkjennast slik det ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Forskriftene gjer ikkje direkte økonomiske konsekvensar for Kinn kommune. Det er det årlege gerbyrregulativet som vil ha direkte økonomisk konsekvens for kommunen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan- og bygningsloven

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Røysting:

Innstilling frå plan- og miljøutvalet samrøystes vedteke.

KOST- 144/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek ny «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune».

Behandling i Plan- og miljøutvalet 19.11.2025:

Full gjennomgang av hele kommunens gebyrreglement, foreslått av Roy Solheim

Husevåg, Kinn Raudt

Utvalget ber om å få lagt fram en samlet sak før sommeren 2026 med full gjennomgang av hele kommunens gebyrreglement, inkludert selvkost-måltall og alle enkeltsatser. Formålet er å sikre tydelig politisk styring av enkeltsatsene uten å skape unødvendig kompleksitet i budsjettarbeidet.

Videre bes administrasjonen utarbeide basert på denne gjennomgangen et konkret endringsdokument klart til vedtak til påfølgende møte. Dette dokumentet skal så behandles av kommunestyret før budsjettmøtet i desember, i tråd med tidligere kommunestyrevedtak.

Framlegg frå Raudt v/repr. Husevåg vart trekt i møte.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

PMUV- 067/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek ny «forskrift om gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven, Kinn kommune».

Vedlegg i saken:

Gebyrregulativ med forskrift 2026 med endringer



Saksnr.	Utval	Møtedato
131/25	Formannskapet	27.11.2025
145/25	Kommunestyret	16.12.2025
	Kommunestyret	

Orientering. Status oppfølging, Samarbeid og samskaping mellom Kinn kommune og frivillig sektor.

KOST- 145/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2025

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 085/25 vedtak:

1. Kinn kommune skal nytte potensialet som finst med å koordinere arbeid med frivillighet, eigne tenester og andre aktørar betre. Kinn kommune inviterer til samarbeid, organiserer, og lager strukturar for samarbeid og samskaping med frivillig sektor og andre aktørar.
2. Vi ønsker å fortsette dialog med kirkens bymisjon der ein tydeleggjer at ein ved ei seinare anledning kan vurdere å starte opp prosjektet. Dette skal vurderes utifrå korleis Kinn Kommune si satsing på samskaping med frivilligheten og FRAM prosjektet klarar å møte det behovet som kom fram i kartlegginga frå Kirkens bymisjon. Vi vil ha ein ny orientering frå Kinn kommune/satsing på frivilligheten for å møte desse behova, og FRAM sit arbeid på starten av året 2026.
3. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren i løpet av høsten kommer tilbake til kommunestyret med egen sak som gir et konkret bilde av tenestene Kirkens Bymisjon kan bidra med i Kinn, sett i sammenheng med Origod sitt Fram prosjekt, Kinn psykisk helse og rus, og andre aktører som jobber med de formåla som belyst i saken

Saksopplysningar:

Saka er svar på punkt 3 i KOST-085/25, og er orientering om status på konkrete tiltak som Kirkens bymisjon etter rapport kunne bidra med i Kinn, tiltak kommunen trekte fram

i eigen regi og/eller i samarbeid med andre aktørar eller frivillige, og status november 25 under kvart punkt.

1. "I jobb ung". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Tiltak for unge vaksne (18–29 år) som står utanfor arbeid og utdanning, og som ikkje nyttar NAV sine ordinære tiltak. Tiltaket vil ha kapasitet til 7-8 ungdommar om gongen, totalt 15 stk per år. Tiltaket vert første trinn for deltakarane på vegen mot utdanning, arbeid eller eventuell behandling.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- Nav Kinn følgjer opp ungdom i tråd med ungdomsgarantien (16-30 år). Det er behov for eit lågterskeltilbod for unge vaksne som; ikkje meistarar eksisterande tiltak, har uføretrygd men treng aktivitet, treng struktur, sosial støtte og livsmeistring, har psykiske utfordringar og treng trygg arena.
- Origod sitt FRAM prosjekt har økonomisk bidrag frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som bidreg med 2 millionar kroner. Flora vidaregåande skule bidreg i prosjektet med elevar og økonomisk støtte. Det er NAV som kjøper plassar i prosjektet, og det pågår arbeid med å etablere sosial- og arbeidstreningsarenaer. Rekruttering til stillingar startar snart. Tidlegare erfaringar frå Origod er at unge i eksisterande tiltak opplever tydeleg meistring, tryggleik og fellesskap.

2. "Bamsehiet" og "Triologi". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Førebyggjande møteplassar og lågterskeltilbod for familiar, barn og unge. Tiltaket vil vere førebyggjande familiestøtte til småbarnsforeldre. Målsetjinga er å tilby gode aktivitetar og eit inkluderande fellesskap. Tilbodet skal være ope for alle, men viktigaste målgruppe er barn og unge som ikkje nyttar andre fritidstilbod, familiar med dårleg økonomi, familiar med lite eller sårbare nettverk, familiar som saknar storfamilien, familiar som strevar med psykiske problem eller synest det er vanskeleg å bli inkludert i nærmiljøet.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- Kommunen har starta med Friskus aktivitetsskalender i januar i år, for å vise og informere om kva møteplassar og aktivitetstilbod som finst. Per no er det 105 registrerte lag og organisasjonar, desse har registrert seg sjølv og har totalt lagt ut 391 aktivitetar. Det er 1421 gjentakande hendingar. Dette er del av innbyggjarappen Friskus Kinn kommune. Det er i tillegg montert opp 15 informasjonsskjermar på ulike plassar i Kinn kommune for å kunne nå flest mogleg innbyggjarar.
- Det er starta med Fritidskonto for individuell støtte til fritidsaktivitet til barn og det er sett av midlar mot sosial utjamning. Per i dag er det gitt midlar til 93 barn. Det er sett av 250.000 kr til sosial utjamning, og det er komt inn 24 søknader. Heilt nyleg er det og starta opp «open gymsal» for barnehagebarn i Florø og på Krokane.

3. "Generasjonsmøte". Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag

Tiltak for unge med flyktning- og innvandrarakgrunn, inkludert einslege mindreårige, med fokus på språk, integrering og vaksenstøtte. Flyktningar og migrantar med særleg fokus på einslege mindreårige; Målsetjing; bidra til fellesskap, inkludering, vaksenkontakt, aktivitet, språk og kulturell læring og fagleg og emosjonell støtte. Gruppa skal koplatt med frivillige medarbeidarar som er godt vaksne/pensjonistar med skulefagleg kompetanse. Ideell gruppestørleik er 10 deltakarar, 7 frivillige og ein tilsett som koordinator og fagleg ansvarleg.

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:

- KF Kurs ønskjer å utvikle eit tilbod retta mot utanforskap, men har ikkje deltakarar per november 2025. Arbeidet vert teke opp att på nyåret. Det er behov for vaksenressursar i eit tilbod som kan gi språkleg støtte, fagleg hjelp,

kulturforståing og emosjonell støtte. Det er eit tomrom på tilbod for eldre ungdom, særleg unge flyktningar.

- Kurs KF har internasjonal møteplass i Strandgata i Florø der dei legg til rette for nettverksbygging og entreprenørskap.
- Havglytt som inkluderingsarena. Havglytt er i ferd med å bli ein sentral møteplass for mange typar utanforskap. Dei tilbyr ulike aktivitetar som strikke- og sygruppe, dart, bordtennis og biljard, spel og sosialt fellesskap. Dei har og turar, snekkerverkstad, samtalegrupper, frisør, dans og matlaging og praktisk kvardagsstøtte. Innbyggjarar i alle aldrar deltek, og huset fungerer som ein lågterskel trygg og open møteplass.
- Biblioteket/frivilligsentralen i samarbeid med Røde kors arrangerer språkkafe. Biblioteket er gratisarena for høgtlesing og andre arrangement som Ope Hus i samarbeid med m.a. LevVel. Det er behov for fleire frivillige for å drive språkkafe.

4 Utlånsentral (BUA) og arbeidstrening. Kirkens Bymisjon – opprinnelege tiltaksforslag
BUA kombinert med arbeidstrening, bruktbuikk og reparasjonskafé. Målsetjinga er at barn og unge kan delta i aktivitet og idrett ved å låne utstyr på BUA. Kirkens bymisjon kan overta BUA, og samstundes gi ungdom arbeidstrening, og legge til rette for mellom anna bruktbuikk og reparasjonskafe

Status tiltak i Kinn kommune (kommunale, andre aktørar og frivillige) november 2025:
Kinn kommune driftar i dag BUA i Florø og i Måløy. Erfaring viser at BUA kan vere ein god arbeidstreningssentral. Aktuelle supplement er Kyrkjetoget bruktbuikk som er i drift. Behov for reparasjonskafe er identifisert og planlagt starta.

I tillegg til ovannevnte har vi tiltak som Lev Vel har ansvar for. LEV VEL- team arbeider med miljø, livskvalitet og musikkterapi ut til heile helse og velferd. Lev Vel arbeider på tre nivå: individ, gruppe og samfunn. Teamet arbeider tett i tenestene med tilsette og leiarar. I tillegg er det samarbeid med frivillige, kultur og frivilligsentral.

Direkte arbeid på samfunnsnivå:

- Bowl – internasjonal kafé. 2 timar annakvar veke
- Korttilbud på dagtid. Målgruppe: friske vaksne
- Florø world Choir: lavterskel pop-up kor på kveldstid. Målgruppe alle. Samarbeidspart: kurs KF, kyrkja, frivilligsentral,
- Ope hus. Kulturtorsdag kvar veke med arrangement på bibliotek, kyrkje, museum, havglytt. Samarbeidspartar: bibliotek, kyrkja, museum, pensjonistlaget, havglytt, senioruniversitetet, frivilligsentral

Arbeid på gruppenivå :

- Korkafe – lågterskel allsangtilbod for personar med demenssykdom
- Parkinson – treningsgruppe
- Møteplassen – ettermiddagstilbud kvar veke for vaksne personar med helseutfordringar
- Allsang på institusjonane
- Florø Rock. Bandtilbud for personar med utviklingshemming
- Mataktivitetsgruppe med kokk kvar veke på institusjon.

Arbeid på individnivå:

- Samfunnskoordinator: Kartlegging og hjelpe enkeltpersonar til aktivitet
- Musikkterapi. Ind.musikkterapi til pasienter med alvorlege helseutfordringar

Indirekte arbeid (veiledning,organisering, marknadsføring):

Individ:

- Frivillige på institusjon

- SMS ut til ca. 470 innbyggjarar kvar veke for å informere ut om arrangement.

Gruppe

- Møteplasstilbud for heimebuande i Måløy og skaretun
- Grytekoret; demenskor
- Samarbeid med skule, barnehage deriblant innsats for andre.

Samfunnsnivå

- Ope kafe i Eikefjord. Dreve av 5 frivillige lag og organisasjonar.
- Brosjyre/ haust/vårprogram to gongar i året.
- Facebooksider
- Informasjonsarbeid
- Tverrsektoriell samarbeidsforum (helse, kultur og fritid, oppvekst) – 4 gonger kvart år.
- Frivilligsamlingar – inspirasjon

Vurderingar:

Samarbeid og samskaping mellom kommune, andre aktørar og frivillighet er avgjerande for skape eit godt Kinn-samfunn, og vi er i gang med fleire viktige tiltak, og det vert gjort mykje godt arbeid.

For å ytterlegare styrke det tverrfaglege samarbeidet, videreutvikle og holde på etablerte strukturar styrke er det etablert ei tverrfagleg administrativ gruppe. Det er starta og deltakarar er leiarane i frivilligsentralane i Måløy og i Florø. Park og grønt avdelinga, kultursjef, LevVel ved fagleiar og nestleiarane i samfunn, miljø og kultur, helse og velferd, og oppvekst. Målet er å jobbe systematisk tverrfagleg med å inkludere frivillighet i tenestene, og gruppa skal mellom anna nytte moglegheitane som kom fram i rapport om Kinn kommune og frivillig sektor kapittel 6. Kulturtenesta har ansvar for å drive strukturen.

Økonomiske konsekvensar:

Orienteringssaka har ikkje økonomiske konsekvensar. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og eksterne aktørar må skje innan eksisterande rammer.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 145/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.


Behandling i Formannskapet 27.11.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 131/25 Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
146/25	Kommunestyret	16.12.2025
	Kommunestyret	

Orientering - eigedomsskatt

KOST- 146/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orientering vert teke til vitande.

Bakgrunn for saka:

Det har vore stilt spørsmål om takseringsarbeidet av eigedommane i Kinn i samband med etablering av kommunen. Særleg har det vore reist spørsmål om jamstilling av takstar av eigedommar i Eikefjord og Florø, og sakshandsaming kring verdfastsetting.

Formannskapet handsama ein interpellasjon i møte i september om temaet.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i sak 101/25:

Formannskapet ber kommunedirektøren om å forberede sak om sonefaktor og soneinndeling for Eikefjord til kommunestyret den 23. oktober. Vi ber spesielt om at det på nytt blir vurdert om Eikefjord skal/bør ha sonefaktor 1. Vurderinga skal byggje på prinsippet om likehandsaming etter eigedomsskattelova. Skriftleg dokumentasjon som låg til grunn for fastsetjing av sjablongane i 2020, inkludert eventuelle data frå eigedomsmeklarar, SSB, Eiendomsverdi AS eller andre kjelder blir lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret vart varsla 23. oktober at det var naudsynt med lenger tid for undersøkingar.

Oversikt over dokument i saka

Formannskapet bad om datagrunnlag knytt til takseringa. Nedanfor er det lage ei oversikt over dokument for utarbeide saka og innspel Statsforvaltaren har vurdert.

Vedl. Nr	Oversikt over takstgrunnlag og innhenting av ny informasjon	Tidspunkt for innhenting av data
1	Oversikt over omsette eigedommar i Eikefjordområde 2020-2023	Vurdering om skattetakstane har hatt

		negative verknader i ettertid av taksering
2	Oversikt over omsette eigedommar i Florø 2019-2020, og kommunevis i S. og Fj.	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
3	Eigedomsverdi – omsette fritidsbustader 2019-2023 (områdevis)	Vurdering om skattetakstane har hatt negative verknader i ettertid av taksering
4	Eigedomsverdi – omsette heilårsbustader 2019-2023 (områdevis)	Vurdering om skattetakstane har hatt negative verknader i ettertid av taksering
5	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 – Florø	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
6	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 – Måløy	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
7	Eigedomsmegling Sogn og Fjordane prisrapport 2019 Sogndal	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
8	Omsetjingar i Eikefjord 2017-2020	Innhenta i samband med fastsetting rammer og retningslinjer
9	SSB – eigedomsetjingar – fylke	Off. tilgjengeleg statistikk
10	SSB – eigedomsetjingar – kommune	Off. tilgjengeleg statistikk

Vedl. nr.	Oversikt over dokument	Tidspunkt for innhenting av data
11	Prosjektplan for retaksering – mars 2020	Utarbeidd som grunnlag for arbeid som vart gjennomført i 2020-21
12	Rammer og retningslinjer for taksering av eigedomsskatt.	Utarbeidd i 2020, revidert løpande inntil september 2021.
13	Ulike spørsmål knytt til fastsett sonefaktor for eigedomsskatt i Eikefjord	Notat fra KS-Advokat – september 2025
14	Arbeidet med ny alminneleg taksering i Kinn kommune - undersøking av saksbehandlinga	Notat fra KS-Advokat – november 2025
15	Merknader til rapportar frå KS, Innsendt av Ludvig Langedal	Vurdering av merknadene
16	Avvising av krav om lovlegkontroll – møte i sakkyndig nemnd for eigedomsskatt den 2. april 2020	Brev fra Statsforvaltar – november 2020
17	Tilbakemelding - klage på sonefaktor i kommunal retningsline for fastsetjing av verdet av eigedom i samband med eigedomsskatt i Kinn kommune – Statsforvaltar ville ikkje gjennomføre tilsyn med Kinn kommune.	Brev fra Statsforvaltar – mars 2024
18	Statsforvaltar finn ikkje grunn til å gå nærare inn på tilsyn saksbehandlinga ved fastsetjing av rammer og retningslinjer for eigedomsskatt i Flora (2017–2020) og Kinn (2021–2025)	Brev fra Statsforvaltar – november 2025
19	Veileder for taksering av fast eiendom unntatt næringseiendommer og energianlegg	KS – revidert 2019

Kommunedirektøren har nytta KS- advokatane til å gå gjennom materiale som administrasjonen har stilt til rådvelde.

Formannskapet bad om at takstar og sonefaktor i Eikefjord, sak 24/050 vart vurdert. Dette vart gjort av nemndene våren 2025, Overtakst-nemnda sak 25/003, og i Skattetaksnemnda sak 25/027 fann ikkje grunnlag for å endringar.

Saksopplysningar:

Eigedomsskattelova byggjer på føresetnaden om at eigedomsskattetaksten skal ta utgangspunkt i verdiane på eigedommane, jfr. prop. 112 L (2011–2012) pkt 3.7 og eigedomsskattelova § 8 om verdsetjing.

Verdet av eigedomen skal setjast til det beløpet ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.

Kommunestyret valde allmenn taksering i samband med overgang til ny kommune

I samband med etablering av Kinn kommune måtte ein etablere felles takstgrunnlag for eigedomsskatt (allmenn taksering). Slik taksering skjer normalt kvart 10 år. Allmenn taksering vil seie at alle eigedommar får ei verdsetting basert på omsetjing i området, faktiske forhold ved bustaden og omgivnadene. Gjennomsnittsprisar for sal av eigedommar, data frå kommunen sitt register for eigedomsdata (også kalla matrikkelen) og synfaring av kvar eigedom ligg til grunn for takst av eigedommane. Næringseigedommar vert handtert annleis, men vert ikkje gått gjennom her.

Kommunestyret si oppnemning - skattetaksnemnd og over-takstnemnd

Kommunestyret oppnemner sakkunnige nemnder i samband med kontinuering av politiske organ. Etter lova fastset dei takst på eigedomane, og skal utarbeide takseringsretningslinjene. Taksering skal skje på ein uavhengig måte. Kommunestyret skal ikkje påverke arbeidet med takseringa og det vert også oppnemnd ei særskilt klagenemnd.

Eigedomsskattekontoret i rolle

Eigedomsskattekontoret utførte det praktiske arbeidet med taksering av eigedomane og med stor grad av innleige som gjennomførte synfaringane av eigedommane. Oppgåvene med takseringa er lagt til særskilte nemnder, både retaksering og handteringa av klagar når kommunen kvart år skriv ut eigedomsskatten m.v.

Korleis hentar ein inn data

Eigedomsskattetaksering inneber å gå gjennom sentrale faktaopplysningane om kvar eigedom – eigedomstype, adresse, bygningstype, byggjeår og arealdata – henta frå kommunane sitt eigedomsregister (matrikkelen). I tillegg hentar ein inn omsetjingsdata frå ulike kjelder slik at ein skal kunne fastsette objektive, rettferdige og likeverdige takstar. Takstprinsippa er nedfelt i dokumentet rammer og retningslinjer og var godkjend endeleg tidleg.

Sonefaktor

I samband med taksering nyttar ein gjerne det som blir omtala som sonefaktor for å differensiere takstar (sjablongar) ut frå omsetjingsverdiar i eit område. Nemnda definerte 3 soner i samband med retakeringa med høvesvis Florø sentrum og Eikefjord sentrum i sone 1, Måløy sentrum som sone 2 og andre område i kommune sette dei til sone 3. Høvesvis vart takstane redusert med 0,85 i sone 2 og 0,5 i sone 3.

Eigedomsspesifikk faktorar som vert spegla i skattetakstane

Alle eigedommane vart synfart i samband med retaksering i perioden 2020-2022. Utover det generelle nivå for omsetning i eit område avdekkar synfaring meir eigedoms- og stadspesifikke forhold. Eit av desse forholda vert kalla for «ytre faktor». Dette gjeld

eigendommen sin plassering (beliggenheit), tilkomst, utsikt/soltilhøve. Retningslinjene til Kinn kommune gir føringar for korleis ein skal standardisere korrigeringar for desse faktorane. Dei ytre faktorane gjeld såleis spesielle eigenskapar rundt egedomen som kan påverke verdet. I nokre kommunar inngår også infrastruktur som, t.d. tilknytning til offentleg vatn og avløp som korreksjonsfaktor. I Kinn kommune var ikkje dette teke med i verdsettinga, og heller ikkje i Sunnfjord. Innanfor tomtegrensa vert tilhøve ved eigedommen som byggeår, standar m.v. også vurdert og vert kalla indre faktor.

Vurderingar:

Kommunedirektøren har bede KS-Advokatane gjer ei vurdering av informasjon som er henta inn og bearbeidd i prosessen som skattetakst nemnda og administrasjonen jobba fram i sine møter fra 2020 til 2021 når takseringsarbeidet gjekk føre seg. Nemndene hadde 11 møter i denne perioden.

KS Advokaten skriv dette;

Sammenfatningsvis er det etter min vurdering ikke grunnlag for å karakterisere arbeidsprosessen under hovedtakseringen som mangelfull. Når vi nå har gjort nærmere undersøkelser kan det også konstateres at datagrunnlaget for hovedtakseringen ikke var mangelfull.....De undersøkelsene som er gjort viser at det ikke er grunnlag for å rette kritikk mot saksbehandlingen i takseringsprosjektet. Arbeidet var på ingen måte preget av vilkårlighet. Det er gjennomført forsvarlig, på den måten som vi erfarer er vanlig i kommunene.....Som det er redegjort for i notatet 11. september har eiendoms-skattekontoret i årene etter 2021 gjennomført flere undersøkelser hvor omsatte eiendommer er målt mot eienomsskattetakstene. Disse undersøkelsene har ikke gitt noen indikasjoner på at takstnivået ved hovedtakseringen har ligget for høyt eller at det er skjevheter mellom ulike områder i kommunen.

.....Selv om det hadde forholdt seg slik at det var mangler ved saksutredningen under hovedtakseringen, følger det av de undersøkelsene som er gjort at manglene ikke kunne ha virket bestemmende på takstenes innhold...Etterfølgende undersøkelser mot omsatte eiendommer viser også at takstnivået verken bryter med verdsettelsesnormen i eiendomsskatteloven eller likebehandlingsprinsippet. Konklusjonen er at nemndas takseringsretningslinjer er gyldige. Det samme gjelder skatteutskrivningen for 2021 og senere år på grunnlag av nye takster.

KS Advokaten utarbeidde også eit notat med oversikt over eignedomsprisar (september 2025) og gjorde ei vurdering av prosessen knytt til fastsetting av takstar. Dette vart omtala slik;

Det synes likevel å være ganske klart at bruk av sonefaktor 1,0 i Eikefjord-området ikke har resultert i et takstnivå der som overstiger lovens verdsettelsesnorm, eller som strider mot likebehandlingsprinsippet når man samanliker med Florø

Det er likevel slik at datagrunnlaget som er utarbeidd ikkje vart tilstrekkeleg arkivert. Her må vi ta sjølvkritikk. Det har derfor teke noko tid å gå gjennom materiale på nytt. Som det går fram av vedlegga har også spørsmål om verdsetting vore gjenstand for klagehandsaming i Statsforvaltarembetet.

Det går fram av rettleiaren for fastsetting at ein i samband med allmenn taksering (vedlegg 19) kan nytte datakjelder frå t.d. SSB, 1881, Norkart, Eiendomsverdi, Finn.no. I takseringsarbeidet i Kinn er fleire av desse kjeldene nytta. Då det har vore stilt spørsmål i ettertid om takstane har vore rette har ein også vurdert om takseringa har hatt negative eller utilsikta verknader. Som vurderinga frå KS viser er det ikkje dei funne grunnlag for å hevde dette. Sjølv om ein hadde nytta skatteetatens sine eignedomsversiktar hadde ein likevel måtte taksere eignedommar. Registera her er ikkje komplette.

Vi viser også til kva rettleiaren seier om taksering:

Ved sjablongtaksering kan det ikke kreves millimeterrettferdighet. Det skal kunne benyttes sjablonger og faktorer som til dels vil være grove. Dette er akseptert av domstolene, og innebærer at ikke enhver påpeking eller anførsel om at egen eiendom er taksert strengere enn andre gir grunnlag for å foreta endringer eller for å gjøre nærmere undersøkelser. Det er de klare og store avvik som gir grunnlag for undersøkelse og eventuelt retting.

Det også på denne bakgrunn viktig at det er klageordning for fastsetting av årleg taksering. Om eighedsverdiar utviklar seg annleis enn andre kan innbyggjarane klage. Klage kan årleg setjast fram.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Sak utsett grunna tid.

KOST- 146/25 Vedtak:

Sak utsett grunna tid.

Vedlegg i saken:

vedlegg 19 : eiendomsskattetaksering-veileder-boligfritidgrunn

Vedlegg 17 : Kopi av brev - Tilbakemelding - Kinn - eigheds-skattesone - Eikefjord

Vedlegg 16 : Kopi av brev - Tilbakemelding - Lovlegkontroll - Kinn - vedtak
eigheds-skatt

Vedlegg nr 15 : Merknader innkomne, og kommentarar - november 2025

Vedlegg nr 6 : Omsetning Måløy 2020 - oppretta 27 mai 2020

Vedlegg nr. 8 : Eikefjord

Vedlegg nr 1 : 2024.04.29 Oversikt omsatte eiendommer Eikefjord 2020-2023

Vedlegg nr. 2 : 2024.04.29 Oversikt omsatte eiendommer Florø 2019-2020

Vedlegg nr 3 : 2025.09.11 Eiendomsverdi, Fritidsbolig områdesammenligning

Vedlegg nr. 4 : 2025.09.11 Eiendomsverdi, Helårsbolig områdesammenligning

Vedlegg nr. 14 : 2025.11.12 Notat. Arbeidet med ny alminnelig taksering i Kinn
kommune

Vedlegg nr. 16 : Avvising - Lovlegkontroll - møte i sakkyndig nemnd for eiendomsskatt -
Kinn

Vedlegg nr. 5 : Bolig salg statistisk 2019 - Florø og nabo kommuner

Vedlegg nr. 6 : Bolig salg statistisk 2019 - Måløy område

Vedlegg nr. 7 : Bolig salg statistisk 2019

Vedlegg nr. 11 : Prosjektplan Kinn sist lagra 13.03.2020


Vedlegg nr. 12 : Rammer og retningslinjer for taksering av eigheds-skatt

Vedlegg nr 10 : SSB kommunevis

Vedlegg nr 9 : SSB - omsetjing fylkesvis

Vedlegg nr 13 : Ulike spørsmål knyttet til fastsatt sonfaktor for eiendomsskatt i
Eikefjord

Vedlegg nr 18 : Statsforvaltar tilbakemelding på krav tilsyn - november 2025



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/65017
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 09.12.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
147/25	Kommunestyret	16.12.2025

Interpellasjonar

KOST- 147/25 Vedtak:

Ingen interpellasjonar, ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:

Ingen interpellasjonar.

KOST- 147/25 Vedtak:

Ingen interpellasjonar, ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
148/25	Kommunestyret	16.12.2025

Vedtak om deltaking i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv

KOST- 148/25 Vedtak:

1. Kinn kommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år.
2. Kinn kommune vedtek «Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet», som gjeldande i forsøksperioden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år.
2. Kinn kommune vedtek «Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet», som gjeldande i forsøksperioden.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune og 18 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane har sidan 1985 samarbeidd om bevaring og formidling av eldre og avslutta arkiv. Samarbeidet er i dag organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova § 19. Oppgåvefellesskapet har namnet Kommunearkivordninga i Vestland (KAV).

Deltakarane i KAV ønskjer å søke Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å få gjennomføre eit forsøk med administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20, på tvers av forvaltningsnivå. Forsøket gjeld fagområdet eldre og avslutta arkiv. Vestland fylkeskommune skal vere vertskommune for samarbeidet. Dette vil erstatte dagens organisering som kommunalt oppgåvefellesskap (KO) i ein periode på inntil fire år. Dette krev dispensasjon frå gjeldande lovverk.

Forslag til forsøksforskrift om vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå har vore på høyring i alle medlemskommunar og hos relevante partar. Innan fristen hadde det kome inn høyringssvar frå 8 av deltakarane i oppgåvefellesskapet. Ingen av desse stilte seg negative til forsøket. Høyringssvara kan ein finne på nettsida til Vestland fylkeskommune:

<https://vestlandfylke.no/kommunearkivordninga/forsoksordning>

Den einaste endringa som er gjort i forskrifta etter høyringsrunden er at overskrifta på §5 er endra frå «Når forskrifta vert sett i kraft og forskrifta si varigheit» til «Iverksetjing

og varigheit».

For at søknaden skal kunne sendast til KDD, må alle kommunestyra og fylkestinget:

1. Vedta å stille seg bak søknaden til KDD
2. Vedta forskrifta om vertskommunesamarbeid

Fakta i saka

Det er forventa at denne forsøksordninga gir desse gevinstane:

Meir effektiv administrasjon: I eit vertskommunesamarbeid vil dei gjeldande økonomiske rammene vidareførast, men i løpet av forsøksperioden har KAV som mål å sjå konkrete innsparingar i administrasjonskostnader. Ein vil ikkje lenger ha behov for eit styre og eit representantskap, ein treng ikkje ha ein eigen dagleg leiar, ein må ikkje vere registrert i Brønnøysundsregisteret, og ein vil ikkje trenge eige rekneskap og eigen revisjon. Alt dette vil spare kommunane og fylkeskommunen tid og ressursar som i første omgang vil gå til å styrke og forbetre KAV sine tenester for kommunane.

Tilsette og roller i KAV: Det å gå vekk frå modellen med styre og representantskap vil gje ein enklare organisasjonsmodell, og vil gjere det enklare å følgje ein modell med linjeleing for både leiar og tilsette i KAV.

Tettare samarbeid mellom dei arkivfaglege miljøa: I Vestland fylkeskommune er dagens involvering i KAV organisert som ein del av seksjon arkiv, i avdeling for kultur og folkehelse, saman med fageininga Ikkje offentlege arkiv (IOA). Til saman har seksjonen over 20 arkivfagleg tilsette med kompetanse på private og offentlege, analoge og digitale arkiv. Dette er eit viktig fagmiljø som KAV ønskjer å styrke på best mogeleg måte og vidare.

Andre konsekvensar

Dersom alle 18 kommunane og Vestland fylkeskommune stiller seg bak søknad og forsøksforskrift vert søknaden sendt til KDD. Dersom KDD godkjenner søknaden startar prosessen med å gjere det kommunale oppgåvefellesskapet om til eit vertskommunesamarbeid i tråd med kommunelova §20. Vestland fylkeskommune skal vere vertskommune, og alle kommunane vil inngå nye samarbeidsavtalar som skal erstatte dagens styringsdokument. Representantskap og styre er foreslått erstatta av eit meir uformelt medverknadsorgan for å sikre god dialog gjennom forsøksperioden.

Eit vertskommunesamarbeid vil ikkje medføre endring i råderetten over arkivmaterialet. Arkivverket skriv i ein av sine rettleiarar om det å setje ut arkivoppgåver til eksterne: «Dere kan delegere konkrete oppgaver og myndighet for alle fasene i arkivets livsløp, men dere kan aldri delegere selve ansvaret ut av virksomheten».

Vedtaket har ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunane og fylkeskommunen på kort sikt. Økonomien i samarbeidet held fram som skissert i økonomiplanen til Kommunearkivordninga i Vestland. I forsøksperioden håper KAV å sjå administrative innsparingar, som igjen vil føre til eit styrka tilbod på fagområdet eldre og avslutta arkiv.

Vertskommunen har økonomisk ansvar for samarbeidet, og alt som har med kompensasjon å gjere skal nedfellast i samarbeidsavtalen kvar kommune har med vertskommunen. Modellen med kostpris for tenester og depot vert vidareført. Sjølv om samarbeidet KAV i seg sjølv ikkje treng rekneskap og revisjon under ny organisering, vil det lagast revidert grunnlag for rett fordeling av kostpris mellom deltakarane på ein måte som sikrar at den einskilde deltakar sin del kan reviderast av den einskilde deltakar sin eksterne revisor.

Vurderingar:

Kommunedirektøren støttar at Kinn kommune er med i denne forsøksordninga for å effektivisere administrasjonen av kommunen sine eldre og avslutta arkiv. Kommunedirektøren tilrår vidare at kommunen vedtek forskrifta om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivet slik den ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Vil på sikt kunne gje oss lavare utgifter til bevaring av eldre og avslutta arkiv ved å få ned administrasjonskostnadane hjå KAV.

Behandling i Kommunestyret 16.12.2025:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 148/25 Vedtak:

1. Kinn kommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år.
2. Kinn kommune vedtek «Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet», som gjeldande i forsøksperioden.

Vedlegg i saken:

Lokal forsøksforskrift 03.11.2025

Vedtak om deltaking i forsøksordning - Kommunearkivordninga i Vestland KO

Søknad om å delta i forsøksordninga - 03.11.2025